

MØTEINNKALLING

Utval: Maritim og teknisk komite
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 24.09.2013
Tid: 15:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak må du melde skriftleg frå til Fellessekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Orienteringssak: Kommuneplanen sin arealdel

Planleggar Ole Magne Rotevatn skal gje ei orientering kring arbeidet med arealdelen.

Fosnavåg, 18.09.13

Idar Tarberg
leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 84/13	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 85/13	Protokoll frå førre møte.
PS 86/13	Delegasjonssaker
PS 87/13	Line og Kåre Strømsvik 12/17 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på frådeling av bustadtomt og enda arealbruk frå offentleg formål til bustadformål.
PS 88/13	Marit Inga Vike 36/10 - Søknad om dipensasjon frå kommuneplanen med sikte på frådeling av nausttomt.
PS 89/13	Gerd Blankholm 27/1 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på frådeling av bustadtomt.
PS 90/13	Helge Voldsund 13/5 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på oppføring av naust.
PS 91/13	Sporstøl Arkitekter AS 56/73 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på frådeling av bustadtomt.
PS 92/13	Gnr 26 Bnr 25 - Dispensasjon frå reguleringsplan- etablering av snuplass
PS 93/13	Gnr 40 Bnr 13 - Frådeling av eit større naustareal
PS 94/13	Berge og Flusund grendalag - gapahuk - 28/2
PS 95/13	Klage på Ds-sak 73/13 - Thor Kleppe og Therese Almås - 86/22

Referatsaker

RS 21/13 Reguleringsplan for Huldal aust - 2.gongs høyring av planprogram

Delegasjonssaker frå avdelingane

DS 245/13 Gnar 28 Bnr 11 – Frådeling av bebygd eigedom

DS 246/13 Mellombels bruksløyve

DS 247/13 Mellombels bruksløyve -29/151 - 1 etg Bergsøy klubbhus

DS 248/13 Harald Thorseth - 36/1 - Fasadeendring

DS 249/13 Gnr 48 Bnr 3 - Frådeling av bebygd eigedom

DS 250/13 Gnr 40 bnr 3- Frådeling av bustadtomt

Referatsaker

RS 22/13 Klage byggesak - oppføring uthus. Arne Karlsson

Delegasjonssaker frå avdelingane

DS 251/13 Nils Gunnar Valde - 45/161 - 2-mannsbustad med frittliggande garasje

DS 252/13 Mellombels bruksløyve - 34/210

DS 253/13 mellombels bruksløyve - 4/295

DS 254/13 Einedalen skule 24/74 - Mellombels bruksløyve for tilbygg

DS 255/13 Geir Knotten 45/166 - Igangsettingsløyve for resterande deler av tiltaket

DS 256/13 ferdigattest 81/35

Referatsaker

RS 23/13 Bru til Herøy gard - status og plan vidare.

Delegasjonssaker frå avdelingane

DS 257/13 Even Remøy - 11/127 - tilbygg naust

DS 258/13 Gnr 11 Bnr 3 - frådeling av 4 parsellar

DS 259/13 Frode Sævik 34/180 - Løyve til oppføring av tilbygg

DS 260/13 Gnr 38 Bnr 9 - Frådeling av næringstomt

DS 261/13

Ove Kolgrov 30/59 - Løyve til oppføring av
garasje tiltak garasje

DS 262/13

Odd Erling Løvøy 59/5- Ferdigattest
vedlager

PS 84/13 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 85/13 Protokoll frå førre møte.

PS 86/13 Delegasjonssaker



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2011/1164
		Arkiv:	12/17

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
87/13	Maritim og teknisk komite	24.09.2013

LINE OG KÅRE STRØMSVIK 12/17 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ FRÅDELING AV BUSTADTOMT OG ENDRA AREALBRUK FRÅ OFFENTLEG FORMÅL TIL BUSTADFORMÅL.

Tilråding:

Maritim og teknisk komite vedtek at det i medhald av PBL § 19-2 vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen med sikte på frådeling av ei bustadtomt på om lag 1200 m² frå gnr. 12 bnr. 17 på Remøya i Herøy. Det er vidare ein del av tilrettelegginga for tiltaket at den delen av gnr. 12 bnr. 294 som ligg mellom FV 18, sambindingsvegen frå FV 18, kommunevegen på Remøya og gnr. 12 bnr. 17 vert frådelt utan endra arealbruk, men med høve til å føre over ein tilkomstveg til tomta innanfor ein nærare avgrensa korridor med breidde 10 meter.

Det er eit vilkår for dispensasjonen at det vil vere høve til å føre fram ein tilkomstveg over gnr. 12 bnr. 17 og frådelt del av gnr. 12 bnr. 294 med sikte på at det på eit seinare tidspunkt skal vere mogleg å utnytte tilstøytande område til utbyggingsformål.

Dispensasjonen er grunngeven med at endra skulestruktur har endra behovet for å utnytte det aktuelle området til offentleg formål slik som tidlegare forutsett og at det gjennom vilkår knytt til dispensasjonen er sikra naudsynt fleksibilitet til evt. planlegging og utbygging av tilstøytande område.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Statens Vegvesen Region Midt, Fylkeshuset, 6404 Molde

Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy

Herøy kommune, Anleggs- og driftsavdelinga, Postboks 274, 6099 Fosnavåg

Line og Kåre Strømsvik, 6094 Leinøy

Svein Peder Remøy, 6094 Leinøy

Vedlegg:

Kopi av dispensasjonssøknad m/vedlegg frå Line og Kåre Strømsvik, datert 24.05.2013.

Kopi av delesøknad m/vedlegg frå Line og Kåre Strømsvik, datert 10.06.2013.

Kopi av delesøknad m/vedlegg frå Svein Remøy, datert 26.11.2012.

Kopi av uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 15.01.2013.

Kopi av uttalar frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, datert 18.01.2013, 01.07.2013 og 04.09.2013.

Kopi av uttale frå Statens Vegvesen Region Midt, datert 04.01.2013.

Kopi av uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 17.01.2013.

Kopi av uttale frå Herøy kommune, Anleggs- og driftsavdelinga, datert 22.01.2013.

Utsnitt av ortofoto (merka tidlegare skisse) i M 1:1000 som viser tidlegare omsøkt frådeling.

Utsnitt av ortofoto (merka ny skisse) i M 1:1000 som viser no omsøkte frådeling.

Utsnitt av kommuneplanen i M 1:30000 med påført lokalisering av tiltaket.

Saksopplysningar:**BAKGRUNN:**

Line og Kåre Strømsvik søkte opprinneleg (25.10.2012) om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på endra arealbruk frå offentleg formål til bustadformål for deler av gnr. 12 bnr. 17 og gnr. 12 bnr. 294 på Remøy i Herøy. Søknaden gjaldt dei deler av eigedomane som ligg mellom FV 18 og kommunevegen på Remøya. Det vart i denne samanheng vist til inngått kjøpsavtale mellom Svein Remøy (eigar av gnr. 12 bnr. 294) og Strømsvik. Frådelingssøknad for sistnemnde areal, datert 26.11.2012, følgde også vedlagt.

Opprinneleg søknad vart sendt på høyring med brev av 10.12.2012. Med tilvising til uttalen frå Fylkeskommunen var det rimeleg klart at tiltaket som omsøkt ville innebere til dels omfattande og kostbare utfordringar på arkeologisektoren. Søknaden er såleis seinare endra gjennom nytt utfylt søknadsskjema for dispensasjon, datert 24.05.2013. Sistnemnde søknad vart sendt på avgrensa høyring til Fylkeskommunen med brev av 18.06.2013.

Med bakgrunn i at søknaden no var vesentleg redusert i omfang såg ein det ikkje som naudsynt å be om ny uttale frå dei øvrige høyringsorgana. Ein har no motteke uttale frå alle tilskrivne høyringspartar inkl. resultatet frå Fylkeskommunen si arkeologiske undersøking og saka er med det klar for politisk sluttbehandling.

SØKNADEN OG SØKNADSPROESSEN:

Tiltaket gjeld no frådeling og endra arealbruk for ei bustadtomt på om lag 1200 m² frå gnr. 12 bnr. 17. Frådelingssøknaden for gnr. 12 bnr. 294 står ved lag, men det er no tale om frådeling utan endra arealbruk. Det er imidlertid ei forutsetning at det skal kunne etablerast tilkomst over sistnemnde eigedom frå sambindingssvegen mellom FV 18 og kommunevegen og fram til den omsøkte bustadtomta.

I grunngevinga vert det vist til at det aktuelle området har vore avsett til offentlig formål i kommuneplanen med tanke på at det skulle nyttast til utvidingsareal for Remøy skule. Når Remøy skule no er nedlagt ser dei dette som lite realistisk og peikar også på at det frå før er eit bustadhus på gnr. 12 bnr.17. Dei ser det som naturleg at området på denne bakgrunn kan nyttast til bustadformål. Søkjarane uttalar også at dei stiller seg positive til at kommunen skal kunne legge ein framtidig tilkomstveg over nedre del av det aktuelle området.

Det ligg føre uttalar frå følgjande høyringsorgan:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal Fylkeskommune
- Statens Vegvesen Region Midt
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor
- Herøy kommune, Anleggs- og driftsavdelinga.

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 15.01.2013

Fylkesmannen uttalar at kommunen må vurdere det aktuelle arealet, som i dag er avsett til offentlig formål, i eit langsiktig perspektiv for meir arealeffektiv utnytting enn omsøkt (med tilvising til opprinneleg søknad) eller alternativt å føre det tilbake til landbruksformål.

Uttalar frå Møre og Romsdal Fylkeskommune av 18.01.2013, 01.07.2013 og 04.09.2013

Til den opprinnelege søknaden uttalar Fylkeskommunen at det vil vere naudsynt å gjennomføre ei arkeologisk registrering før endeleg fråsegn kan gjevast. Med tilvising til at søknaden galdt endra arealbruk av heile arealet ville dette i tilfelle verte ei omfattande undersøking. Når det gjeld det planfaglege legg Fylkeskommunen liten vekt på sjølve endringa av byggeformål, men meiner at arealbruken bør avklarast gjennom ein reguleringsplan slik at ein sikrar ei heilskapleg arealforvaltning.

I den nye/endra søknaden viser for øvrig Fylkeskommunen prinsipielt til det same, men understrekar no at det berørte arealet har eit såpass avgrensa omfang at det kjem inn under tiltak der det offentlege dekkjer kostnadane ved registreringa. Dei ber kommunen om å avvente behandlinga av saka til registreringa er gjennomført. På den planfaglege sida viser dei til sin uttale av 18.01.2013.

Arkeologisk registrering er no gjennomført. I brev av 04.09.2013 viser kulturavdelinga i Fylkeskommunen til at det ikkje vart påvist automatisk freda kulturminne i området og at dei såleis ikkje har vidare merknader til tiltaket.

Uttale frå Statens Vegvesen Region Midt av 04.01.2013

Statens Vegvesen har ingen merknad til at det i tråd med søknaden (opprinneleg søknad) vert dispensert frå kommuneplanen med sikte på endra bruk av areal frå offentlig formål til bustadformål.

Uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor av 17.01.2013

Landbrukskontoret konkluderar med at arealet vart behandla etter jordlova gjennom arbeidet med dagens kommuneplan og at det difor ikkje er behov for ny behandling etter jordlova.

Uttale frå Anleggs- og driftsavdelinga av 22.01.2013

Anleggs- og driftsavdelinga har heller ikkje særskilde merknader til dispensasjonssøknaden.

Vurdering og konklusjon:

Det omsøkte tiltaket er lokalisert aust for sambindingsvegen som knyter saman fylkesvegen og kommunevegen på Remøya. I kommuneplanen er området vist til offentleg formål utan plankrav. Tiltaket vil etter dette måtte behandlast som ein dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen, jfr. PBL § 19-2. Med tilvising til uttalen frå Landbrukskontoret vil det ikkje vere naudsynt å behandle saka etter jordlova.

Kort oppsummert er formålet med og vilkåret knytt til dispensasjonssaka følgjande:

- Frådeling av ei bustadtomt på om lag 1200 m² frå gnr. 12 bnr. 17 på areal avsett til offentleg formål.
- Frådeling av eit areal på om lag 1900 m² frå gnr. 12 bnr. 294 utan endra arealbruk, men der det er høve til å føre fram tilkomstveg til ovannemnde tomt innanfor ein 10 meter brei og nærare avmerka korridor.
- Det vil vere eit vilkår for dispensasjonen at det er høve til å føre fram ein tilkomstveg sør for omsøkt tomt med sikte på å utnytte tilstøytande område til utbyggingsformål.

Det er rett slik søkjarane viser til at formålet med arealbruken i gjeldande kommuneplan var å tilrettelegge for ei framtidig utviding av skuleområdet på Remøy. Når skulen no er nedlagt og elevane samla i den nye Einedalen skule er behovet for eit offentleg areal her mindre aktuelt. I forslaget til ny/endra kommuneplan, som vil verte utlagt til offentleg ettersyn i løpet av hausten, er såleis området foreslått utlagt til bustadformål eller med andre ord ein arealbruk i tråd med søknaden. Utanom Landbrukskontoret har for øvrig korkje vegvesenet eller anleggs- og driftsavdelinga merknader til søknaden.

Rådmannen er prinsipielt samd med Fylkesmannen og Fylkeskommunen i at arealbruken i området burde klarleggast gjennom ein reguleringsplan. Dette med sikte på å få ei arealeffektiv utnytting av området. Med omsøkt frådeling, der eksisterande bustadhus og løde vert ståande att på ei naturleg tomt og ein gjennom vilkår knytt til dispensasjonen sikrar vegsamband over eigedomen fram til evt. nytt bustadareal, meiner imidlertid rådmannen at ein oppnår tilfredsstillande fleksibilitet med tanke på framtidig utvikling av dei tilstøytande områda.

Fylkeskommunen har i august i år gjennomført arkeologiske registreringar i området og konkluderar med basis i desse med at omsøkt areal til tomt og tilkomst kan frigjevast til utbygging.

Frå kommunen si side er ein ikkje kjend med at det innanfor det aktuelle området er registrert særskilde artar eller naturtyper som det må takast spesielle omsyn til. Tiltaket vert heller ikkje vurdert til å innebere nokon annan risiko for alvorleg eller irreversibel skade eller utsette økosystemet for ei urimeleg samla belastning, jfr. prinsippa i naturmangfaldslova §§ 8-10.

Etter rådmannen sitt syn vil ein dispensasjon med vilkår som nemnt ovanfor heller ikkje tilsidesetje dei omsyna det vert dispensert frå eller formålsbestemmelsen i lova. Fordelane ved å gi dispensasjon vert såleis vurdert som større enn ulempene.

Konsekvensar for folkehelse:

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for folkehelsa uansett utfall av saka.

Konsekvensar for beredskap:

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for beredskapen i området.

Konsekvensar for drift:

Det omsøkte tiltaket vert heller ikkje vurdert til å ha særskilde driftskonsekvensar.

Fosnavåg, 11.09.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten

Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til:
Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Saksnr. i kommunen:

Motteke:

- Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).
 Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom:

Gnr.

12

Bnr.

17

Festenr.

Kort omtale av tiltaket:

Eigedommen er i dag regulert til offentlig bruk, og det er ønskt å bruke ein del av henn til bustadferemål, jfr vedlagt kart med skisse over tiltaket. Adkomst vil vere over gnr 12 bnr 294, som skissert i vedlagte kart.

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

Det vert søkt om dispensasjon frå arealferemålet i kommuneplan, jfr PBL §19-2

Grunngeving:

Etersom det ikkje er sannsynleg at Remøy skulle vert utvida, og eigedommen derfor ikkje vil verte nytta til offentlig bruk ynskjer vi å nytte arealet til bustadferemål. Eigedommen inneheld i dag eit bustadhus. Vi stiller oss positive til kommunens forslag til adkomstveg over eigedommen iht vedlagt kart.

- Varsling av naboar/gjenbuvarar vedlegg nr.: _____
 Eventuelle teikningar, kart etc. vedlegg nr.: 1
 Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter vedlegg nr.: _____

Namn | Line og Kåre Strømsvik

Adresse | Remøy

Postnr. | 6094

Postadr. | Leiney

Telefon | 41421114

Mobiltf. | 99015057

Dato: | 24.05.2013

Line Strømsvik
signatur

Skriv ut

Søknad om deling og eller rekvisisjon av oppmålingsforretning

Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, bokstav m . og lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfylt. Ved plassmangel, lag eige vedlegg.

Søknaden skal sendast:

Herøy kommune, PB274, 6099 FOSNAVÅG

Plass for kommunen sitt stempel

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Saksnr
2012/2433
11 JUNI 2013
Ark kode P
Ark kode S
J nr
Kassasjon

1. Sakstype – rekvisisjon (sjå rettleiing s.4):

- I. Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning ved oppretting eller endring av matrikkeleining (PBL § 20-1).
- II. Utsetjing av oppmålingsforretning. Søkjar er ansvarleg for å rekvirere oppmålingsforretning innan 3 år, før delingsløyvet går ut. Jf. § 21-9
- III. Rekvisisjon i medhald av matrikellova kap. 3 og 7 (pkt. 1-3 og 10-12 skal fyllast ut)

2. Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom(ar):

Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):
12	17			LINE OG KÅRE STRØMSVIK
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):

3a. Søknaden gjeld:

3b. Rekvisisjonen gjeld:

Sakstype I og II (PBL § 20-1)	<input checked="" type="checkbox"/> Deling og oppmålingsforretning av:	Sakstype III (Matrikellova)	<input type="checkbox"/> Grensejustering (matrikelforskr. § 34)
	<input checked="" type="checkbox"/> Ny grunneigedom <input type="checkbox"/> Anleggseigedom <input type="checkbox"/> Anna: (spesifiser) _____ <input type="checkbox"/> Arealoverføring (hugs skjema: Erklæring om arealoverføring.) <input type="checkbox"/> Oppretting av festetomt <input type="checkbox"/> Oppretting av punkt feste <input type="checkbox"/> Anna: (spesifiser) _____ <input type="checkbox"/> Dispensasjon (disp.søknad skal grunngjevast, eige ark/skjema)		<input type="checkbox"/> Klarlegging av eksisterande grenser (matrikelforskr. § 36) <input type="checkbox"/> Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn (matrikelforskr. § 31) <input type="checkbox"/> Registrering av uregistrert jordsameige (matrikelforskr. § 32) <input type="checkbox"/> Uteareal til eigarseksjon (jf. Eigarseksjon § 7, matrikelforskr. § 35)

Etter valt sakstype D, gå til punkt 10.

4. Parsellen(ane) skal nyttast til:

Parsell nr:	Areal (ca areal)	Formål (bustad, fritid, næring, anna)	Sjølvstendig brukseining	Tilleggsparsell	Tilleggsparsell til gnr/bnr.	
1	1500	m ² BUSTAD	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
2		m ²	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
3		m ²	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
4		m ²	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
5		m ²	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
6		m ²	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.

5. 1. Arealdisponering søknad i samsvar med:

- Kommuneplan Kommunedelplan Reguleringsplan Bebyggelsesplan

Namn på plan:

5. 2. Arealdisponering/søknad om dispensasjon frå:

- Kommuneplan Kommunedelplan Reguleringsplan Bebyggelsesplan – Legg ved grunngjeving på eige ark.

6. Rasfare, flaum, grunn- og miljøtilhøve.

Ligg det føre tilstrekkelig tryggleik mot rasfare, flaum, grunntilhøve og miljøtilhøve? Jf.pbl § 28-1.

Ja Nei (Viss nei, må kompenseringe tiltak forklarast i eige vedlegg.)

7. Avstandar

Går det høgspent kraftlinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta? Nei Ja, avstand: m

Går det priv/off.vass og avløpsledning i eller i nærleiken av tomta? Nei Ja, avstand: 5 m

Dersom ja, må ein leggje ved ei nærare utgreiing/avklaring med leidningseigar om dette

8. Tilkomst - jf. pbl § 27-4 og veglova §§ 40-43

Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå?

Riksveg Fylkesveg Kommunal veg Privat veg

Ny avkøyrsløse eller utvida bruk av eksisterande?

Ny avkøyrsløse frå offentleg veg (avkøyrsløse og ny veg skal visast på situasjonskartet)

Utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse

Er løyve til avkøyrsløse gitt? Ja Nei

Dersom delinga føreset vegrett over privat grunn, må dokumentasjon om dette leggest ved.

9. Vassforsyning/avløp - jf. pbl §§ 27-1 og 27-2

Offentleg vassverk: Ja Nei

Offentleg avløpsanlegg: Ja Nei

Privat vassverk: Ja Nei

Privat avløpsanlegg: Ja Nei

Viss privat felles løysing må løyve for tilknytning og naudsynt vedlikehald på anlegget leggest ved.

Dersom det ikkje tidlegare er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggest ved denne søknaden.

10. Vedlegg

Vedl. nr.: Forklaring _____ Utvida liste over heimelshavar/rekvirentliste

1 Situasjonsplan, (reguleringsplan) _____ Fråsegn, samtykkje, løyve

2 Gjenpart av nabovarsel _____ Private bruksrettar (servituttar)

3 Dispensasjonssøknad 4 Andre vedlegg: AREALOVERFØRING

Legg ved evt. tilleggsopplýsningar som kan opplyse saka.

11. Andre opplysningar

VEDLEGG 5: SØKNAD AVKØYRSELØYVE
6: SØKNAD OM DISP FRA AVSTANDSKRAV I VEGLOVA
7: ABONNEMENTTILKNYTNING HERØY VASSLØS
8: ORIGINAL SØKNAD

12. Underskrift av heimelshavar/rekvirent

Dato _____ Rekvirenten sitt namn (med blokkbokstavar) _____

10/6-13
Adresse

KARE STRØMSVIK
KARE STRØMSVIK

Rekvirenten si underskrift _____

KARE STRØMSVIK
Postnr/stad

REMOY
E-postadresse

6094 LEINØY
Telefon

KAREST@HOTMAIL.COM

41421114

13. Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av

Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fylt ut, vil faktura verte sendt rekvirent)

Dato _____ Betalar sitt namn med blokkbokstavar _____


10/6-13

KARE STRØMSVIK
KARE STRØMSVIK

Betalar si underskrift _____

KARE STRØMSVIK
Postnr/stad

6094 LEINØY



Erklæring om arealoverføring

Opplysningene i feltene 1-3 registreres i grunnboken

1. Matrikkelenheten				
Avgivende matrikkelenhet:	Kommunenr. 1515	Kommunenavn Herøy	Gnr. 12	Bnr. 294 - 1
Mottakende matrikkelenhet:	Kommunenr. 1515	Kommunenavn Herøy	Gnr. 12	Bnr. 17
Oppgi arealet/volumets størrelse i m ² /m ³ 1895 m ²				
Omfatter overdragelsen ideell andel i et tinglyst realsameie eller jordsameie? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei				Størrelse ideell andel:
Hvis ja, må andelens størrelse angis:				
Beskaffenhets:				
<input type="checkbox"/> 1 Bebygd <input checked="" type="checkbox"/> 2 Ubebygd				
Bruk av areal/volum:				
<input checked="" type="checkbox"/> B Bolig- eiendom <input type="checkbox"/> F Fritids- eiendom <input type="checkbox"/> V Forretning/ kontor <input type="checkbox"/> I Industri <input type="checkbox"/> L Landbruk <input type="checkbox"/> K Off. vel <input type="checkbox"/> A Annet				
Type bolig:				
<input checked="" type="checkbox"/> FB Frittligg. enebolig <input type="checkbox"/> TB Tomanns- bolig <input type="checkbox"/> RK Rekkehus/ kjede <input type="checkbox"/> BL Blokk- leilighet <input type="checkbox"/> AN Annet				

2. Kjøpesum	
Oppgi kjøpesummen som faktisk er betalt for arealet/volumet kr 50 000,-	
Omsetningstype	
<input checked="" type="checkbox"/> 1 Fritt salg <input type="checkbox"/> 2 Gave (helt eller delvis) <input type="checkbox"/> 3 Ekspropriasjon <input type="checkbox"/> 4 Annet	

3. Avgiftsgrunnlag	
Oppgi arealet/volumets markedsverdi kr 40 000	

Underskrifter og bekreftelser på neste side

W4

4. Erklæring om sivilstand m.v. for grunneier til den avgivende matrikkelenheten

1. Er grunneier(ne) gift eller registrert(e) partner(e)?
 Ja Nei Hvis ja må også spørsmål 2 besvares.

2. Er grunneierne gift eller registrerte partnere med hverandre og begge underskriver som grunneiere?
 Ja Nei Hvis nei må også spørsmål 3 besvares.

3. Gjelder overdragelsen matrikkelenhet som brukes som felles bolig med ektefelle(r)/registrerte partner(e)?
 Ja Nei Hvis ja må ektefellen(e)/registrert partner(e) samtykke i overdragelsen.

5. Underskrifter og bekreftelser fra grunneier til den avgivende matrikkelenheten

Dato 28-11-12 Sted Remøy

Fødselsnr./org.nr. 261248-42955 Grunneiers underskrift Svein Peder Remøy Gjentas med blokkbokstaver SVEIN PEDER REMØY

Som grunneiers ektefelle/registrerte partner samtykker jeg i overdragelsen

Dato 28.11.2012 Ektefelles/registrert partners underskrift Asbjørg Remøy Gjentas med blokkbokstaver ASBJØRG REMØY

Jeg/vi bekrefter at underskriver(ne) er over 18 år, og har underskrevet eller vedkjent seg sine(e) underskrift(er) i mitt/vårt nærvær. Jeg/vi er myndig(e) og bosatt i Norge.

1. vitneunderskrift Roger Smedal Gjentas med blokkbokstaver ROGER SMEDAL


Adresse 6094 Leindøy

2. vitneunderskrift André Søvik Gjentas med blokkbokstaver ANDRÉ L. SØVIK

Adresse 6092 Fosnavåg

6. Underskrift fra grunneier(e) til den mottakende matrikkelenheten

Dato 24/11 Mottakende grunneiers underskrift Kåre Strømsvik Gjentas med blokkbokstaver Kåre Strømsvik
24/11-12 Line Strømsvik Line Remøy Strømsvik



KOM. SS 3 og 4
2.3 plan

Plan
for bygning

Bygningens planer
MA 12/294-1
Dato 31.05.2012





Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr. 2012/2433	Saksbeh. HK
19 JAN. 2013	
Ark kode P 12/294	
Ark kode S	
J nr.	Dok nr. 7
Kassasjon	

Herøy kommune. Endring arealbruk frå offentleg formål (skule) til bustadformål gnr12 bnr17 og gnr12 bnr294. Fråsegn tilsøknad om dispensasjon frå kommuneplan.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfagleg

Kommunen må i eit langsiktig perspektiv vurdere om arealet, som i dag er avsett til offentleg formål, bør utnyttast meir arealeffektivt enn det er søkt om, eller tilbakeførast til landbruksformål.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Astrid Buset
overingeniør

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

(7)

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2012/2433	Saksbeh. HR
13 JAN. 2013	
Ark.kode P	12/294
Ark.kode S	
J nr	Dok nr 4
Kassasjon	



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2012/2433	10.12.2012	75914/2012/DISPENSASJON/1515	Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94	18.01.2013

Herøy kommune - endra arealbruk frå offentleg formål til bustadformål deler av gbnr 12/17 og gbnr 12/294 Remøy - fråsegn ved dispensasjon frå kommuneplan

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Automatisk freda kulturminne

Det er ingen kjente automatisk freda kulturminne innafør det aktuelle arealet, men arealet har heller aldri vorte undersøkt. Området ligg like aust for Askeladden ID 92634. Dette kulturminnet vart påvist i samband med undersøkingar knytt til reguleringsplan for utviding av gravplassen, og består av busetnadsspor (ma. stolpehus) frå yngre bronsealder og dyrkingsspor, datert til eldre romersk jernalder. Avstanden frå det påviste bronsealderhuset til tiltaket er om lag 50 meter. Nærleiken til kjente automatisk freda kulturminne gjer at vi vurderer potensialet for funn av automatisk freda kulturminne innanfor det aktuelle arealet som relativt høgt.

Før vi kan uttale oss til tiltaket er det difor naudsynt å gjennomføre ei arkeologisk registrering for å kartlegge om tiltaket kan virke inn på automatisk freda kulturminne, jf. lov om kulturminne § 9. Det er naudsynt å bruke gravemaskin ved undersøkinga, og ein er avhengig av berr og frostfri grunn for å gjennomføre den. Etter hovudregelen er det tiltakshavar som lyt dekke kostnadane ved registreringa, jf. kml. § 10. Vi ber tiltakshavar ta kontakt med oss for utarbeiding av kostnadsoverslag.

Vi ber om at ein ikkje fattar vedtak i saka før vi har gjeve endeleg uttale på bakgrunn av resultatet av registreringa.

Planfagleg vurdering

Søknaden bør etter vår vurdering ikkje handsamast som dispensasjon, men reguleringsplan etter plan- og bygningslova §§ 1-1 og 12-1. Dette med bakgrunn i fleire høve som samla sett gjer at vi meiner at det er behov for forsvarleg planavklaring.

Konflikta med overordna plan er ikkje tillagt stor vekt i vår vurdering, i og med det uansett ikkje synest aktuelt å nytte arealet til skule eller andre offentlege føremål. Vi er difor ikkje i mot å nytte området til bustadbygging, men meiner at arealbruken og konsekvensane av eventuelle arkeologiske funn bør avklarast gjennom ein reguleringsprosess som sikrar medverknad frå lokalsamfunnet. Tomta har mellom anna potensiale for langt høgare utnytting enn kva søknaden legg opp til, og planlagt busetnad ser ut

til å bryte med utbyggingsmønsteret i området. Eventuelle vilkår om å sikre samband over egedomen bør også avklarast gjennom plan.

Konklusjon

Det er krav om arkeologisk registrering og vi kan ikkje gje endeleg fråsegn i saka før denne er gjennomført.

Vi vil likevel, uavhengig av eventuelle arkeologiske funn, ikkje tilrå dispensasjon i saka. I staden vil vi sterkt tilrå at det vert kravd reguleringsplan for å sikre heilskapleg arealforvaltning og naudsynt medverknad.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Kristian Hole Fløtre
rådgivar

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: Trond Eilev Linge, arkeolog/rådgjevar tlf. 71 25 88 40

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal,.her



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr 2012/2433	Saksbeh HR
- 1 JULI 2013	
Ark kode P	12/294
Ark kode S	
J nr	Dok nr 14
Kassasjon	

Dykkar ref: 2012/2433 Dykkar dato: 18.06.2013 Vår ref: 41770/2013/DISPENSASJON/1515 Vår saksbehandlar: Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94 Vår dato: 01.07.2013

Herøy kommune - endra arealbruk frå offentleg formål til bustadformål deler av gbnr 12/17 og gbnr 12/294 Remøy - fråsegn ved dispensasjon frå kommuneplan

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Automatisk freda kulturminne

Vi syner til tidlegare kommunikasjon i saka. Vi har synt til at arealet har stort potensiale for funn av automatisk freda kulturminne, og må avklarast i høve automatisk freda kulturminne. Det berørte arealet har no eit mindre omfang slik at tiltaket er å rekne som eit mindre privat tiltak. Ved slike tiltak dekkjer det offentlege kostnadane ved registreringa (jf. Rundskriv T-2/07).

På grunn av ferieavviklinga har vi ikkje høve til å gjennomføre registreringa før uttalefristen. Vi ber om at ein etter ferien tek kontakt med arkeolog med ansvar for Herøy kommune for å avklare nærare omkring gjennomføring av registreringa. Vi rår vidare til at ein avventar å gjere vedtak i saka før registreringa er utført, og uttale frå fylkeskonservatoren ligg føre.

Planfagleg vurdering

Vi viser til vår fråsegn i saka av 18.01.2013.

Konklusjon

Den arkeologiske registreringa vert no rekna som mindre privat tiltak. Vi ber dykk ta kontakt for gjennomføring av registreringa. Endeleg vedtak kan ikkje fattast før registreringa er gjennomført.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Kristian Hole Fløtre
rådgivar

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

076

(E)

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Her nr 2011/1164	Saksbeh HK
- 9 SEPT. 2013	
Ark kode P	12/17
Ark kode S	
J nr	Dok nr 16
Kassasjon	



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2012/2433		53459/2013/DISPENSASJON/1515	Kristoffer Dahle, 71 25 89 03	04.09.2013

Herøy kommune - endra arealbruk frå offentleg formål til bustadformål deler av gbnr 12/17 og gbnr 12/294 Remøy - dispensasjon frå kommuneplan - arkeologiske registreringar utført

Syner til tidlegare korrespondanse i saka. Den arkeologiske registreringa er no utført, og det vart ikkje påvist automatisk freda kulturminne. Vi har likevel teke prøver som kan seie noko om aktivitet i området.

Rapport vil bli sendt så snart denne ligg føre.

Kulturavdelinga ved Møre og Romsdal fylkeskommune har såleis ingen vidare merknadar til tiltaket

Med helsing


Bjørn Ringstad
fylkeskonservator


Kristoffer Dahle
arkeolog

Kopi:
Kåre Strømsvik



Statens vegvesen

2012/2433

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN

Saksbeh. HR

- 9 JAN. 2013

Ark kode P 12/17

Ark kode S

J nr Dok 3

Kategori

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Behandlende eining:
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:
2012/152510-002

Dykkar referanse:
2012/2433 12/294

Vår dato:
04.01.2013


Herøy kommune - Kåre Strømsvik gnr. 12 bnr. 17 og Svein Peder Remøy gnr. 12 bnr. 294 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på endra arealbruk frå offentleg formål til bustadformål - Uttale


Viser til skriv av 10.12.2012 frå Herøy kommune.

Saka gjeld uttale til søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på endra bruk av areal frå offentleg formål til bustadformål.

Statens vegvesen har ingen merkand til at det i tråd med søknaden vert dispensert frå arealbruken i kommuneplanen.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing


Ole Jan Tønnesen
seksjonsleiar


Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen
Fylkesmannen

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52



Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274

6099 FOSNAVÅG

Dykkar ref:
2012/2433 UTV/ HR

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr 2012/2433	Saksbeh. HK
21 JAN. 2013	
Ark kode P 12/294	
Ark kode S	
J nr	Dok nr 5
Kassasjon	

Vår ref:
AKL

Telefon: 70 08 46 70
Adresse: 6080 Gurskøy
E-post: kontor@landbrukskontoret.no
Heimeside: www.landbrukskontoret.no


Dato:
17.01.2013

Uttale til søknad frå Kåre Strømsvik (12/17) og Svein Peder Remøy (12/294) om endra arealbruk frå offentleg føremål til bustadføremål.


Det vert stilt spørsmål i oversendingsbrevet om saka skal handsamast etter jordlova.

Arealet vart handsama etter jordlova ved regulering til offentleg føremål. Søknaden om endra arealføremål treng ikkje ny handsaming etter jordlova.

Med helsing:


Anne Kathrine Løberg

Landbrukssjef



NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Anlegg- og driftsavdelinga

Saksnr
2012/2433

Arkivkode
12/294

Dato
22.01.2013

KÅRE STRØMSVIK (12/17) OG SVEIN PEDER REMØY (12/294) - UTTALE TIL SØLNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANNE MED SIKTE PÅ ENDRA AREALBRUK FRÅ OFFENTLEG TIL BUSTADFØREMÅL

Anleggs- og driftsavdelinga har ikkje særskilde merknader til dispensasjonssøknaden.

Med helsing


Jon Rune Våge

TIDLEGARE SKISSE

**AREAL SOM SKAL
FRADELAST**

**AREAL SOM ER SØKT
ONDISPONERT TIL
BUSTADFORMÅL**

HERØY KOMMUNE
07.12.2012 1:1000
Det kan forekomme feil i kartet



0 10 40 m

NY SKISSE

**AREAL SOM SKAL
FRÅDELAST**

VEGAREAL

**AREAL SOM ER SØKT
OMDISPONERT TIL
BUSTÅDFORMÅL**

 **HERØY KOMMUNE**

07.12.2012 1:1000

Det kan forekomme feil i kartet

0 10 20 m






Runde

LOKALISERING AV TILTAKET

Remøy

Fosnavåg

Leinøya



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2013/791
		Arkiv:	36/10

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
88/13	Maritim og teknisk komite	24.09.2013

MARIT INGA VIKE 36/10 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ FRÅDELING AV NAUSTTOMT.

Tilråding:

Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen og frå deleforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL §§ 19-2 og 1-8, med sikte på frådeling av ei bebygt nausttomt på om lag 600 m² frå gnr. 36 bnr. 10 i Vikane i Herøy. Samstundes vert det gjeve samtykke til frådeling i medhald av § 12 i jordlova.

Dispensasjonen er grunngeven med at det her er tale om ein alt etablert nausteigedom og at tiltaket i praksis ikkje vil innebere nokon endra arealbruk i det aktuelle området.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy
Marit Inga Vike, Vikevegen 42, 6092 Fosnavåg

Vedlegg:

Kopi av dispensasjonssøknad frå Marit Inga Vike, datert 08.07.2013.

Kopi av delesøknad m/vedlegg frå Marit Inga Vike, datert 11.06.2013.

Kopi av uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 23.08.2013.

Kopi av uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, datert 26.08.2013.

Kopi av uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 05.09.2013.

Utsnitt av ortofoto i M 1:500 som viser omsøkt frådeling.

Utsnitt av kommuneplanen i M 1:10000 med påført lokalisering av tiltaket.

Saksopplysningar:**BAKGRUNN:**

Marit Inga Vike har med utfylt søknadsskjema, datert 08.07.2013, søkt om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på å dele frå ei nausttomt med påståande naust frå gnr. 36 bnr. 10 i Vikane i Herøy. Frådelingssøknad vart innsendt noko før og er datert 11.06.2013. Søknaden vart sendt på høyring med brev av 19.07.2013. Ein har no motteke uttale frå alle tilskrivne høyringspartar og saka er med det klar for politisk sluttbehandling.

SØKNADEN OG SØKNADSPROSESSEN:

Dei omsøkte arealet er på om lag 600 m² og gjeld eit areal som ikkje er direkte tiknytt hovudeigedomen. Samla areal på eigedomen er for øvrig på 60,6 da. Av dette er 2,4 da overflatedyrka jord medan resten, 58,2 da, er kategorisert som anna areal. I grunngevinga vert det vist til at grunnlaget for frådelinga av nausttomta er nedfelt i jordskiftesak 10/1973 for gnr. 36 bnr. 9. Det ligg føre uttalar frå følgjande høyringsorgan:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal Fylkeskommune
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 23.08.2013

Fylkesmannen uttalar at han ut frå sine ansvarsområde ikkje har merknader til dispensasjonssøknaden.

Uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune av 26.08.2013

Fylkeskommunen uttalar også at dei ut frå sine ansvarsområde ikkje har merknader til dispensasjonssøknaden.

Uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor av 05.09.2013

Landbrukskontoret konkluderar i sin uttale med at eigedomen er marginal i landbrukssamanheng og at arealet som vert søkt frådelt, ikkje kjem i konflikt med

jordvernet. Dei har såleis ingen merknad til frådellinga. Landbrukskontoret opplyser for øvrig at det ikkje er naudsynt å gjere vedtak etter jordlova § 9, men berre vedtak om frådelling etter § 12.

Vurdering og konklusjon:

Det omsøkte tiltaket ligg ved sjøen nedanfor busetnaden i Vikane på Bergsøya. Tilkomsten til tomta går frå Vikevegen og via eksisterande privat veg medan siste delen fram til naustet er utan opparbeidd veg. Storleiken på det eksisterande naustet er på om lag 50 m². Tiltaket ligg elles i område som i kommuneplanen er avsett til LNF-formål og ei frådelling vil såleis vere avhengig av ein dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen, jfr. PBL § 19-2. Med nærleiken til sjøen vil det naturleg nok også vere avhengig av dispensasjon frå deleforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL § 1-8. I tillegg til dette må det også gjevast samtykke til frådelling etter § 12 i jordlova, jfr. uttalen frå Landbrukskontoret.

Ingen av uttaleorgana har merknader til søknaden. Med tilvising til at det omsøkte tiltaket gjeld frådelling av ein alt eksisterande nausteigedom vil det ikkje innebere nye fysiske inngrep i det aktuelle området. Tiltaket vert heller ikkje vurdert til å innebere nokon annan risiko for alvorleg eller irreversibel skade eller utsette økosystemet for ei urimeleg samla belastning, jfr. prinsippa i naturmangfaldslova §§ 8-10. Etter rådmannen sitt syn vil omsøkte dispensasjon ikkje tilsidesetje dei omsyna det vert dispensert frå eller formålsbestemmelsen i lova. Fordelane ved å gi dispensasjon vert såleis vurdert som større enn ulempene og rådmannen konkluderar med å tilrå dispensasjon som omsøkt.

Konsekvensar for folkehelse:

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for beredskapen i området.

Konsekvensar for drift:

Det omsøkte tiltaket vert heller ikkje vurdert til å ha særskilde driftskonsekvensar.

Fosnavåg, 09.09.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten

Søknad om dispensasjon

(E)

Søknaden skal sendast til:
Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Saksnr. i kommunen:

Motteke:

- Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl)
- Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg nr. 2013/791 Saksbeh. HK
- 9 JULI 2013 Festenr.
Ark kode P 36/10
Ark kode B
J nr. Dok nr. 3
Kassasjon

Eigedom:

Gnr. 36 Bnr. 10

Kort omtale av tiltaket:

Vil skjøte frå mautstomt som er beskrive i Jordskifterett sak 10/1973 til Brn. 9.

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

Grunngjeving:

- Varsling av naboar/gjenbuvarar vedlegg nr.: _____
- Eventuelle teikningar, kart etc. vedlegg nr.: _____
- Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter vedlegg nr.: _____

Namn | Marit Inga Vike

Adresse | Vikevegen 42

Postnr. | 6092 Postadr. | Fosnavåg

Telefon | 70088578 Mobiltf. |

Dato: | 8/7-13

Marit Inga Vike
signatur

Skriv ut

Søknad om deling og eller rekvisisjon av oppmålingsforretning

Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 93, 1. ledd, bokstav h - jf. pbl kap. XI og XII og lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfylt. Ved plassmangel, lag eige vedlegg.

Søknaden skal sendast:

Herøy kommune, Postboks 274 6099 FOSNAVÅG

Plass for kommunen sitt stempel

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2013/791	Saksbeh. JMM
12 JUNI 2013	
Ark. kode P	36/10
Ark. kode S	
J. nr.	Dok. nr.
Kassasjon	

1. Sakstype – rekvisisjon (sjå rettleiing s.4):

- I. Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning ved oppretting eller endring av matrikkeleining (PBL§93).
- II. Utsetjing av oppmålingsforretning. Søkjar er ansvarleg for å rekvirere oppmålingsforretning innan 3 år, før delingsløyvet går ut. Jf. §96 pbl.
- III. Rekvisisjon i medhald av matrikkellova kap. 3 og 7 (pkt. 1-3 og 10-12 skal fyllast ut)

2. Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom(ar):

Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):
36	10			MARIT INGA VIKE
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):

3a. Søknaden gjeld:

3b. Rekvisisjonen gjeld:

- Sakstype I og II (PBL§93)**
- Deling og oppmålingsforretning av:
- Ny grunneigedom
- Anleggseigedom
- Anna: (spesifiser) _____
- Arealoverføring (hugs skjema: *Erklæring om arealoverføring.*)
- Oppretting av festetomt
- Oppretting av punkt feste
- Anna: (spesifiser) _____
- Dispensasjon (disp.søknad skal grunngjevast, eige ark/skjema)

- Sakstype III (Matrikkellova)**
- Grensejustering (matrikkelforskr § 34)
- Klarlegging av eksisterande grenser (matrikkelforskr. § 36)
- Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn (matrikkelforskr §31)
- Registering av uregistret jordsameige (matrikkelforskr § 32)
- Uteareal til eigarseksjon (jf Eigarseksjon § 7, matnkelforskr. § 35)

Etter valt sakstype D, gå til punkt 10.

4. Parsellen(ane) skal nyttast til:

Parsell nr.	Areal (ca areal)	Formål (bustad, fritid, næring, anna)	Sjølvstendig brukseining	Tilleggsparsell	Tilleggsparsell til gnr/bnr.	
1	600 m ²	NAUST	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
2	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
Plassering av tiltaket	Kan vann og avløpsledninger være i konflikt med tiltaket? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	Vedlegg nr. Q -
	Hvis ja, må avklaring med berørt rettighetshaver være dokumentert	

Tilknytning til veg og ledningsnett		
Adkomst vegloven §§ 40-43 pbl § 27-4	Gir tiltaket endrede avkjøringsforhold? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	Tomta har adkomst til følgende veg som er opparbeidet og åpen for alminnelig ferdsel: <input type="checkbox"/> Riksveg/fylkesveg Er avkjøringstillatelse gitt? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Kommunal veg Er avkjøringstillatelse gitt? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input checked="" type="checkbox"/> Privat veg Er vegrett sikret ved tinglyst erklæring? <input checked="" type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
	Vannforsyning pbl §§ 27-2, 27-3	Tilknytning i forhold til tomta <input type="checkbox"/> Offentlig vannverk <input type="checkbox"/> Privat vannverk <input type="checkbox"/> Annen privat vannforsyning, innlagt vann <input checked="" type="checkbox"/> Annen privat vannforsyning, ikke innlagt vann Dersom vanntilførsel forutsetter tilknytning til annen privat ledning eller krysser annens grunn, foreligger rettighet ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Beskriv: <i>Tinglyst nå</i>
Avløp pbl §§ 27-2, 27-3	Tilknytning i forhold til tomta <input type="checkbox"/> Offentlig avløpsanlegg <input type="checkbox"/> Privat avløpsanlegg Skal det installeres vannklosett? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei Foreligger utslippstillatelse? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Dersom avløpsanlegg forutsetter tilknytning til annen privat ledning eller krysser annens grunn, foreligger rettighet ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Vedlegg nr. Q -
Overvann	Takvann/overvann føres til: <input type="checkbox"/> Avløpssystem <input checked="" type="checkbox"/> Terreng	

Vedlegg	Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. fra - til	Ikke relevant
Dispensasjonssøknader		B	1 -	<input type="checkbox"/>
Nabovarsling (gjenpart/nabomerknader/ kommentarer til nabomerknader)		C	2 - 4	<input type="checkbox"/>
Situasjonsplan/avkjøringsplan		D	5 - 6	<input type="checkbox"/>
Tegninger plan, snitt, fasade (eksisterende)		E	-	<input type="checkbox"/>
Tegninger plan, snitt, fasade (ny)		E	7 - 10	<input type="checkbox"/>
Uttalelse/vedtak fra annen offentlig myndighet		I	-	<input type="checkbox"/>
Andre vedlegg	<i>Avtale med brukarane av 13/16</i>	Q	11 -	<input type="checkbox"/>

Erklæring og underskrift		
Tiltakshaver		
Tiltakshaver forplikter seg til å la gjennomføre tiltaket iht. plan- og bygningsloven (pbl) og byggteknisk forskrift		
Navn	Telefon (dagtid)	Mobiltelefon
<i>Helge Voldsund</i>	<i>91672586</i>	<i>91672586</i>
Adresse	Postnr.	Poststed
<i>Vipevn. 8</i>	<i>7082</i>	<i>Kattem</i>
Dato	E-postadresse	
<i>28/6-13</i>	<i>vol@jbr.no</i>	
Gjentas med blokkbokstaver	Eventuelt organisasjonsnr.	
<i>HELGE VOLDSUND</i>		



HERØY KOMMUNE
Utviklingsavdelinga

Tiltakshavar		Gnr	Bnr
Ansvarleg søkjar			
Adresse			
Saksnr			

SØKNAD OM SØKNAD OM AVKØYRSELSLØYVE, JFR. VEGLOVA § 40-4.3

Søknad om:

- Ny avkøyrsløve Endra bruk av avkøyrsløve
 Utvida bruk

Avkøyrløve til vegtype:

- Fylkesveg (Statens vegvesen) Kommunal veg (Anleggs- og drift)

Bakgrunn for søknaden er:

- Etablering av ny bustad Ny eining i eksisterande bustad
 Bruksendring Anna *Nytt nærst*

Kva er eigedomens status i gjeldande arealdel til kommuneplan?

LNF-område

Er eigedom/området omfatta av ein reguleringsplan? Ja Nei

Er saka kommunalt handsama? Ja Nei (utskrift av byggesaka skal vedleggast)

Eventuelle andre opplysningar som kan vere relevant for saka
(bruk evt vedlegg):

Stikkveg frå nabo eigedom 13/16

Vedlegg som skal følgje søknaden:


- Situasjonsskart i målestokk 1:500 (Avkøyrsløve skal teiknast inn)
- Oversiktskart i målestokk 1:5000 *10.000*

Leinøy / *28/6-13*
Sted / dato

Helge Ørdemuf
underskrift

Søknaden sendast til: Utviklingsavdelinga, Herøy kommune, Pb
274, 6099 Fosnavåg

ei ballengd bane



Herøy kommune


Grunnkart
Målestokk: 1:500
Dato 10.06.2013

- Eiendomsinformasjon**
- Eiendomsgrænse
- Eiendomsgrænse u
- Høydeinformasjon**
- Høydekurve 5m
- Høydekurve 1m
- Forsenkningkurve
- Kyst**
- Havflate
- Kystkontur
- Bygninger**
- Taksprang Bunn
- Boligbygg
- Andre bygg
- Annen bygning
- Trapp innbil bygg,
- Veranda
- Bygningslinje
- Taksprang
- Mønelinje
- Løvebru
- Bygningsmessige anlegg**
- Flytebrygge
- Flytebrygge kant
- Kai/Brygge
- Kai/Brygge kant
- Steingjerde
- Veg situasjon**
- Veg
- Vegdekke kant
- Annnet vegareal
- Avgrænsning mot a
- Avgrænsning mot a
- Ledningsnett EL**
- Høyspennledning
- Enkel stolpe

10 m

Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen. Ellers står ikkje kommunen ansvarlig.

10.06.2013 HV



Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen. Ellers står ikke kommunen ansvarlig.

Herøy kommune


Grunnkart
 Målestokk: 1:10 000
 Dato 24.07.2012

Terreng
 Høydekurve 20 m

09.06.2013 HV


VERLEGG 7

GRUNNFLÄCHE $M = 1:50$




09.06.2013 HV

FASADE SØR




FASADE NORD



VEDLEGG 7

FASADE AUST




09.06.2013 HU

VEDLEGG

FASADE VEST

0,5

0,5



5,0

5,1

0,4

0,5

kt. 2,7

7,0

09.06.2013 HV




Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
Overingeniør Astrid Buset, 71 25 85 41

Vår dato
13.08.2013
Dykkar dato
03.07.2013

Vår ref.
2013/4652/ASBU/421.3
Dykkar ref.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN			
Reg nr	2013/864	Saksbeh.	HR
14 AUG. 2013			
Ark kode P	13/5		
Ark kode S			
J nr	Dok nr 4		
Kassasjon			

Herøy kommune. Oppføring av naust og utfylling i sjø gnr13 bnr5 - Helge Voldsund. Fråsegn til dispensasjon frå kommuneplan og pbl § 1-8.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Det er frå før veg, naust, sjøhus og kai i området, og vi har difor ikkje vesentlege merknader til at det vert oppført naust her. Fylkesmannen kjenner ikkje til om eksisterande flytebrygge på gnr13 bnr5 er omsøkt og godkjent. Generelt rår vi til felleløyisingar for bryggeanlegg. I dette området bør det ligge godt til rette for i slik løyising.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Astrid Buset
overingeniør

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN			
Reg nr	2013/864	Saksbeh	HR
15 JULI 2013			
Ark kode P	13/5		
Ark kode S			
J nr			Dok nr 3
Kassasjon			



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2013/864	03.07.2013	46543/2013/DISPENSASJON/1515	Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94	12.07.2013

Herøy kommune - oppføring av naust gbnr 13/5 og framføring av veg gbnr 13/16 - fråsegn ved dispensasjon frå kommune plan og pbl §1-8

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfagleg vurdering

Det er positivt at det ligg ved ei kort førehandsvurdering til søknaden, dette gjer det enklare for oss å ta stilling til grunnlaget for dispensasjon. Vi er samde i kommunen si vurdering av at tiltaket er i samsvar med intensjonen i retningslinjene for differensiert strandsoneforvaltning, og har difor ikkje merknader i saka.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Kristian Hole Fløtre
rådgivar

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



Statens vegvesen

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr 2013/864	Saksbeh. HR
21 AUG. 2013	
Ark kode P 13/5	
Ark kode S	
J nr	Dok.nr. 5
Kassasjon	

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:
2013/083161-003

Dykkar referanse:
2013/864

Vår dato:
16.08.2013

Fv 18 - Herøy kommune Gnr. 13 bnr. 5 - Helge Voldsund - Oppføring av naust - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen - Uttale

Viser til brev av 3.7.2013 frå Herøy kommune.

Saka gjeld uttale til søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på oppføring av naust på eiegen 13/5 i Herøy.

Utifrå opplysningane som ligg føre frå kommunen skal tilkomstvegen til naustet knytast til eksisterande avkøyrsla frå fylkesvegen. Etter det vi forstår er ikkje dagens plassering og utforminga av avkøyrsla heilt i samsvar med avkøyrslereguleringa nedfelt i reguleringsplan for fylkesvegstreninga Leine- Remøyholmen. Vi føreset at naustet vert sikra nødvendig løyve til avkøyrsla frå fylkesvegen i samsvar med gjeldande regelverk, jamfør § 27-4 i plan- og bygningslova.

Utover dette har vi ingen merknad.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Gitte Beiermann
for Ole Jan Tønnesen
seksjonsleiar

Hallvard Sæverud
Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen
Fylkesmannen

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52



Herøy kommune
Utviklingsavdelingen
Postboks 274

6099 FOSNAVÅG

Telefon: 70 08 46 70
Adresse: 6080 Gurskøy
E-post: kontor@landbrukskontoret.no
Heimeside: www.landbrukskontoret.no

Dykkar ref:
2013/864 UTV/ HR

Vår ref:
AKL

Dato:
26.08.2013

Uttale til søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på oppføring av naust – Helge Voldsund 13/5 i Herøy kommune

Arealet som er søkt omdisponert etter jordlova § 9 ligg i LNF-området og er klassifisert som open grunnlendt fastmark.

Vurderingsgrunnlag i saka:

Søknaden er vurdert etter § 9 i Jordlova; forbod mot å omdisponere dyrka og dyrkbar jord.

”Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.”


Vurdering og konklusjon:

Omsøkt naust med tilkomstveg kjem ikkje i konflikt med dyrka eller dyrkbar jord. Det er difor ikkje trong til å gjere vedtak etter Jordlova § 9.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef

Vedlegg: Gardskart, utsnitt av 13/5



0 5 10 15m

Målestokk 1 : 500 ved A4 utskrift

Utskriftsdato: 26.08.2013

GRUNNEIENDOM 1515-13/5



**Markslag (AR5) 13 klasser
TEGNFORKLARING**

- Fulldyrka jord
- Overflatedyrka jord
- Innmarksbeite
- Skog av særskilt høg bonitet
- Skog av høg bonitet
- Skog av middels bonitet
- Skog av lav bonitet
- Uproduktiv skog
- Myr
- Åpen jorddekt fastmark
- Åpen grunnlendt fastmark
- Bebyggt, samf, vann, bre
- Ikke klassifisert
- Sum:

AREALTALL (DEKAR)

0,0	
3,9	
0,0	3,9
0,0	
0,0	
0,0	
0,0	
0,0	0,0
0,0	
0,0	
3,4	3,4
0,0	
0,0	0,0
7,3	7,3

Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom.

I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjenneelse.

Arealstatistikken viser arealer i dekar av de ulike arealklassene for eiendommen.

Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

Ajourføringsbehov meldes til kommunen.

- Arealressursgrenser på flyfoto
- Eiendomsgrenser

- illustrasjon med ått areal

ØMSØKT NAUST Plassering



LOKALISERING AV TILTAKET



Rundesundet

Remøyvika

Kråkøysundet

Fosnavåg

Leine

Leinøya

Argsoya

Straumane

Røyro

Røyrasundet

Tronden

BL

HL

Skryfle

Littleholmen

Sandevika

Torv

Storvika

Staven

Røyra

Blankholmen

S



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2013/105
		Arkiv:	56/73

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
91/13	Maritim og teknisk komite	24.09.2013

SPORSTØL ARKITEKTER AS 56/73 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ FRÅDELING AV BUSTADTOMT.

Tilråding:

Maritim og teknisk komite vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen og frå dele- og byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL §§ 19-2 og 1-8, med sikte på frådeling av bustadtomt frå gnr. 56 bnr. 73 på Storneset i Herøy.

Som grunngjeving vert det vist til at i forslag til justert kommuneplan, som skal utleggast til offentlig ettersyn no i haust, er den aktuelle eigedomen foreslått å inngå som del av eit nytt bustadareal og det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å skape vanskar for ei seinare heilskapleg planlegging av området til bustadformål.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy
Sporstøl Arkitekter AS, Postboks 301, 6067 Ulsteinvik
Bjørn Christian Christiansen, Trolldalsvegen 24, 6070 Tjørnvåg

Vedlegg:

Kopi av dispensasjonssøknad frå Sporstøl Arkitekter AS, datert 13.06.2013, saman med eit relevant utval av vedlegga.

Kopi av uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 25.07.2013.

Kopi av uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, datert 11.07.2013.

Kopi av uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 19.07.2013.

Utsnitt av ortofoto i M 1:500 som viser den omsøkte tomtelokalisinga.

Utsnitt frå kommuneplanen i M 1:30000.

Saksopplysningar:**BAKGRUNN:**

Sporstøl Arkitekter AS har med brev av 13.06.2013 og på vegne av Bjørn Christian Christiansen søkt om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på frådeling av ei bustadtomt med tilhøyrande tilkomstveg frå gnr. 56 bnr. 73 på Storneset i Herøy. Det ligg samstundes ved utfylt delesøknad for frådeling av den aktuelle tomta. Etter fullført høyringsrunde er no søknaden klar for politisk sluttbehandling.

SØKNADEN OG SØKNADSPROSESSEN:

Den aktuelle eigedomen ligg nedanfor kommunevegen på Storneset og like aust for det regulerte bustadfeltet i området. Det vart opprinneleg og med brev av 17.01.2013 søkt om å få utnytte det aktuelle området til 4 bustadeiningar. Med brev av 28.01.2013 og med tilvising til at arealet i kommuneplanen er avsett til LNF-formål, vart det tilbakemeldt at dette var eit altfor omfattande tiltak for behandling som dispensasjon. Det vart i denne samanheng vist til at ei arealbruksendring som omsøkt ville måtte skje gjennom rulleringa av kommuneplanen eller evt. via regulering.

Den nye dispensasjonssøknaden gjeld no 1 tomt innanfor det aktuelle arealet (gnr. 56 bnr. 73). Det kan i denne samanheng også nemnast at gnr. 56 bnr. 73 med eit areal på 2729 m² vart frådelt som bustadtomt i 1982 (byggningsrådssak 44/82), men at det i etterkant ikkje har vorte bygt på tomta. Som grunngeving vert det elles vist til at ei høgare utnytting av eigedomen enn det som var forutsett i 1982 vil vere i tråd med nasjonale mål og at dette kan sjåast på som ei naturleg utviding av bustadområdet vest for eigedomen. I tillegg vert det peika på at denne delen av Storneset frå før er nytta til spreidd busetnad. Saka vart sendt aktuelle høyringsinstansar med brev av 17.06.2013. Det ligg føre uttale frå følgjande instansar:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal Fylkeskommune
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 25.07.2013

Fylkesmannen viser i sin uttale til at omsøkt tomteplassering og vegløyning gir ein lite effektiv arealbruk med omsyn til arealdisponeringa. Dersom det skal leggest til rette for vidare bustadbygging på Storneset så bør dette etter Fylkesmannen sitt syn

avklarast gjennom rulleringa av kommuneplanen. Fylkesmannen konkluderar med å frårå søknaden.

Uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune av 11.07.2013

Fylkeskommunen uttalar at ei frådeling som omsøkt vil gjere det vanskeleg å gjennomføre ei seinare heilskapleg planlegging i området. Dersom det er eit kommunalt ønskje om å tillate tettare busetnad i området så bør dette etter Fylkeskommunen sitt syn regulerast gjennom plan for å sikre opparbeiding av naudsynt felles infrastruktur av høveleg standard. Vilråa for barn og unge vert også framhalde som eit viktig tema i saka. Fylkeskommunen konkluderar med at dei rår frå at det vert gjeve dispensasjon i saka då ulempene ved dette vert vurdert som klart større enn fordelane.

Uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor av 19.07.2013

Landbrukskontoret uttalar at det aktuelle arealet ikkje kan reknast som ein eigedom i landbrukssamanheng og at tiltaket difor ikkje treng behandling etter jordlova.

Vurdering og konklusjon:

Det omsøkte tiltaket ligg i område som i kommuneplanen er avsett til LNF-formål. Med omsyn til at deler av eigedomen også ligg nærare sjøen enn 100 meter vil såleis tiltaket vere avhengig av dispensasjon både frå arealformålet i kommuneplanen (PBL § 19-2) og frå dele- og byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona (PBL § 1-8). Med tilvising til uttalen frå Landbrukskontoret vil det ikkje vere naudsynt med noko behandling i medhald av jordlova.

Rådmannen er i utgangspunktet prinsipielt samd i uttalane frå Fylkesmannen og Fylkeskommunen om at det aktuelle området burde planleggast i heilskap. Når det påpeikinga av at vidare bustadbygging i området bør avklarast gjennom rulleringa av kommuneplanen, kan det imidlertid opplysast at i forslaget til justert kommuneplan som skal utleggast til offentleg ettersyn no i haust, vert det vist bustadformål også på denne delen av Storneset. Dette forslaget byggjer mellom anna på tilrådingane frå eit politisk/administrativt oppnemnt kommuneplanutval. Breidda på det foreslåtte bustadarealet er her identisk med breidda på eigedomen gnr. 56 bnr. 73 (frå kommunevegen til sørleg eigedomsgrense).

Med tilvising til at tilkomsten til tomta vert teken frå ein eksisterande privat veg og at denne utan vanskar kan tilknytast fleire tomter på den aktuelle eigedomen, konkluderar rådmannen med at det omsøkte tiltaket ikkje vil skape problem for ei seinare heilskapleg utnytting av resten av det nye foreslåtte bustadområdet. Etter rådmannen sitt syn er det også eit moment at den aktuelle eigedomen tidlegare er vurdert som egna og frådelt som bustadtomt.

Med tilvising til ovannemnde vurderingar er det såleis rådmannen sitt syn at i denne konkrete saka vil ein dispensasjon som omsøkt korkje tilsidesetje dei omsyna det vert dispensert frå eller formålsbestemmelsen i lova. Det er på denne bakgrunn rådmannen si vurdering at fordelane ved å gi dispensasjon er større enn ulempene. Rådmannen vil etter dette konkludere med å tilrå søknaden.

Konsekvensar for folkehelse:

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha vesentlege konsekvensar for folkehelsa uansett utfall av saka.

Konsekvensar for beredskap:

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for beredskapen i området.

Konsekvensar for drift:

Det omsøkte tiltaket vert heller ikkje vurdert til å ha særskilde driftskonsekvensar.

Fosnavåg, 14.08.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten

Herøy kommune
Teknisk etat
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Sporstøl Arkitekter a s
Postboks 301
6067 Ulsteinvik

Deres ref:

Vår ref: Kristian

Ulsteinvik, 13.06.06

**GNR 56 BNR 73 – BJØRN CHR. CHRISTIANSEN – 6070 TJØRVÅG
SØKNAD OM DISPENSASJON
FRA KRAV I PLAN- OG BYGNINGSLOVEN
FRA KRAV I KOMMUNE PLAN 2004 LNF OMRÅDE
SØKNAD OM DELING OG REKVISISJON AV OPPMÅLINGSFORRETNING.**

Dispensasjonene omfatter:

Plan- og bygningsloven:

- §1.8 andre avsnitt. 100 meters belte.

Kommuneplan arealdel – 2004

- §r20-4.nr2 LNF område. Byggeforbud.

Begrunnelse:

- Tiltakshaver ønsker en høyere utnyttelse av eiendommen som har et totalt areal på 2729 m2. Etter vårt skjønn er dette i tråd med alle politiske signal på nasjonal basis. Det er en villet politikk. "Tettere og høyere"
- Etter vårt skjønn er det naturlig at dagens regulerte boligområde mot vest, blir utvidet østover, til å omfatte også 56/73. Område mellom regulert område og 56/73 har i dag spredd boligbebyggelse. Viser til vedlagte kartutsnitt.

Vurdering av konsekvens:

- Helse. Positiv konsekvens i et godt bomiljø.
- Miljø: Etter vår vurdering positiv konsekvens med utvikling av et miljømessig godt bomiljø.
- Sikkerhet: Etter vår vurdering ingen negativ konsekvens.
- Tilgjengelighet: Ligger til rette for god tilgjengelighet for uteareal og bygg.

Konklusjon:

Etter vår vurdering er gir deling av parsell overvekt av positiv konsekvens, og vil dermed være i tråd med intensjon i lov-/regelverk.

Med hilsen





Daglig leder Kristian Sporstøl

Mobil: 90 99 63 50
E-Post direkte: kristian@sporstol.no

Vedlegg:

Med kopi til: Tiltakshaver.





Søknad om deling og eller rekvisisjon av oppmålingsforretning

Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, bokstav m . og lov om eigedomsregistrering (matrikkelova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfylt. Ved plassmangel, lag eige vedlegg.

Plass for kommunen sitt stempel

Søknaden skal sendast:

Herøy kommune, PB274, 6099 FOSNAVÅG

1. Sakstype – rekvisisjon (sjå rettleiing s.4)

- I. Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning ved oppretting eller endring av matrikkeleining (PBL § 20-1).
- II. Utsetjing av oppmålingsforretning. Søkjar er ansvarleg for å rekvirere oppmålingsforretning innan 3 år, før delingsløyvet går ut. Jf. § 21-9
- III. Rekvisisjon i medhald av matrikkelova kap. 3 og 7 (pkt. 1-3 og 10-12 skal fyllast ut)

2. Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom(ar):

Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar)
56	73			BØRN CHR CHRISTIANSEN
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar):
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar):
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimshavar(ar) (med blokkbokstavar):

3a. Søknaden gjeld:

3b. Rekvisisjonen gjeld:

Sakstype I og II (PBL § 20-1)	<input checked="" type="checkbox"/> Deling og oppmålingsforretning av: <ul style="list-style-type: none"> <input checked="" type="checkbox"/> Ny grunneigedom <input type="checkbox"/> Anleggseigedom <input type="checkbox"/> Anna: (spesifiser) _____ <input type="checkbox"/> Arealoverføring (hugs skjema: <i>Erklæring om arealoverføring.</i>) <input type="checkbox"/> Oppretting av festetomt <input type="checkbox"/> Oppretting av punkt feste <input type="checkbox"/> Anna: (spesifiser) _____ <input type="checkbox"/> Dispensasjon (disp.søknad skal grunngjevast, eige ark/skjema)	Sakstype III (Matrikelova)	<input type="checkbox"/> Grensejustering (matrikkelforskr § 34) <input type="checkbox"/> Klarlegging av eksisterande grenser (matrikkelforskr § 36) <input type="checkbox"/> Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn (matrikkelforskr § 31) <input type="checkbox"/> Registering av uregistret jordsameige (matrikkelforskr § 32) <input type="checkbox"/> Uteareal til eigarseksjon (jf Eigarseksjon § 7, matrikkelforskr § 35)
	Etter valt sakstype D, gå til punkt 10.		

4. Parsellen(ane) skal nyttast til:

Parsell nr.	Areal (ca areal)	Formål (bustad, fritid, næring, anna)	Sjølvtendig brukseining	Tilleggsparsell	Tilleggsparsell til gnr/bnr
1	800-900	BUSTAD	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
2			<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
3			<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
4			<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
5			<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.
6			<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr. Bnr.

5. 1. Arealdisponering søknad i samsvar med:

- Kommuneplan Kommunedelplan Reguleringsplan Bebyggelsesplan

SØK DISPENSASJON

Namn på plan:

5. 2. Arealdisponering/søknad om dispensasjon frå:

- Kommuneplan Kommunedelplan Reguleringsplan Bebyggelsesplan – Legg ved grunngjeving på eige ark.

6. Rasfare, flaum, grunn- og miljøtilhøve.

Ligg det føre tilstrekkelig tryggleik mot rasfare, flaum, grunntilhøve og miljøtilhøve? Jf.pbl § 28-1.

Ja Nei (Viss nei, må kompensierende tiltak forklarast i eige vedlegg.)

7. Avstandar

Går det høgspent kraftlinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta? Nei Ja, avstand: m **Dersom ja, må ein leggje ved ei nærare utgreiing/avklaring med leiðningseigar om dette**

Går det priv/off.vass og avløpsledning i eller i nærleiken av tomta? Nei Ja, avstand: m

8. Tilkomst - jf. pbl § 27-4 og veglova §§ 40-43

Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå?

Riksveg Fylkesveg Kommunal veg Privat veg

Ny avkøyrslø eller utvida bruk av eksisterande?

Ny avkøyrslø frå offentleg veg (avkøyrslø og ny veg skal visast på situasjonskartet)

Utvida bruk av eksisterande avkøyrslø

Dersom delinga føreset vegrett over privat grunn, må dokumentasjon om dette leggast ved.

Er løyve til avkøyrslø gitt? Ja Nei

9. Vassforsyning/avløp - jf. pbl §§ 27-1 og 27-2

Offentleg vassverk: Ja Nei

Offentleg avløpsanlegg: Ja Nei

Privat vassverk: Ja Nei

Privat avløpsanlegg: Ja Nei

Viss privat felles løysing må løyve for tilknytning og naudsynt vedlikehald på anlegget leggast ved.

Dersom det ikkje tidlegare er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggast ved denne søknaden.

10. Vedlegg

Vedl. nr.: Forklaring

___ Utvida liste over heimshavar/rekvirentliste

Situasjonsplan, (reguleringsplan)

___ Fråsegn, samtykkje, løyve

Gjenpart av nabovarsel

___ Private bruksrettar (servituttar)

Dispensasjonssøknad

___ Andre vedlegg:

Legg ved evt. tilleggsopplysningar som kan opplyse saka.

11. Andre opplysningar

12. Underskrift av heimshavar/rekvirent

Dato _____ Rekvirenten sitt namn (med blokkbokstavar) _____ Rekvirenten si underskrift _____

Adresse _____ Postnr/stad _____

E-postadresse _____ Telefon _____

13. Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av

Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fylt ut, vil faktura verte sendt rekvirent)

Dato _____ Betalar sitt namn med blokkbokstavar _____ Betalar si underskrift _____

Postnr/stad _____



Herøy kommune

Velg karttype:


Grunnkart



Informasjon

EIENDOM
GNR/BNR
56/73
Areal

2 729 m²



Kartkoordinater [N:6912219, Ø:331620]



Ufu.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr. 2013/105	Saksbeh. HR
26 JULI 2013	
Ark.kode P 56/73	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 9
Kassasjon	

ⓔ

Herøy kommune. Frådeling av bustadtomt gnr56 bnr73. Fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan og pbl § 1-8.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Det er søkt om frådeling av ei bustadtomt innafor LNF-område i kommuneplanen. Omsøkt tomteplassering og vegløyising gir ein lite effektiv arealbruk med omsyn til arealdisponeringa. Om det skal leggst til rette for ytterlegare bustadbygging utover Storeneset, bør avklarast i samband med rulleringa av kommuneplanen.

Fylkesmannen rår difor frå søknaden.

Med helsing

Lars Kringstad (e.f.)
fung. samordnar

Astrid Buset
overingeniør

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

(E)

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg. nr. 2013/105	Saksbeh. HK
11 JULI 2013	
Ark. kode P 56/73	
Ark. kode S	
J. nr.	Dok. nr. 7
Kassasjon	



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2013/105	17.06.2013	40771/2013/DISPENSASJON/1515	Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94	11.07.2013

Herøy kommune - frådeling til bustadtomt gbnr 56/73 Bjørn Christian Christiansen - fråsegn ved dispensasjon frå kommuneplan

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfagleg vurdering

Vi rår sterkt i frå dispensasjon i saka. Frådeling som omsøkt vil gjere det vanskeleg å gjennomføre heilskapleg planlegging ved seinare ønskje om fortetting i området, noko ordlyden i søknaden synest å legge opp til. Tidlegare ønske om å dele i frå fire bustadtomter bør tilleggst vekt i behandlinga av søknaden, og det må også pågåande kommuneplanprosess. Dersom det er eit kommunalt ønskje om å tillate tettare busetnad i området, bør dette regulerast gjennom plan for også å sikre opparbeiding av naudsynt felles infrastruktur (både teknisk og sosial) til høveleg standard. Vilkåra for barn og unge må i alle høve drøftast i saksbehandlinga. Drøftinga bør ta utgangspunkt i opprinneleg planlagt utnytting av tomta. Slik søknaden framstår for oss, synes ulempene å vere klart større enn fordelane ved dispensasjon.

Konklusjon

Vi rår sterkt i frå dispensasjon i saka, og meiner at ulempene er klart større enn fordelane ved dispensasjon.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Kristian Hole Fløtre
rådgivar

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her




Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Landbrukskontor for kommunane Herøy - Ulstein - Hareid

Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274

6099 FOSNAVÅG

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr	2013/105
Saksbeh.	HK
22 JULI 2013	
Ark kode P	56/73
Ark kode S	
J nr	8
Kassasjef	

Telefon: 70 08 46 70
Adresse: 6080 Gurskøy
E-post: kontor@landbrukskontoret.no
Heimeside: www.landbrukskontoret.no

Dykkar ref:
2013/106 UTV/HR

Vår ref:
AKL

Dato:
19.07.2013

Uttale til søknad frå Sporstøl arkitekter as 56/73 – søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på frådelling av bustadtomt


Det vert stilt spørsmål og saka treng handsaming etter jordlova. Eigedommen kan ikkje reknast som eigedom som er eller kan nyttast til landbruksføremål. Det er og av verdi for saka at areal har vore frådelt tidlegare. Saka treng difor ikkje handsaming etter jordlova.

Arealet på gnr 56 bnr 73 er 2,7 dekar med open grunnlendt fastmark.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg

Landbrukssjef



TILKOMST

56/73

56/72

BUSTAD-TOMT

OMSØKT
FRÅDELING

HERØY KOMMUNE
07.06.2013 1:500
Det kan forekomme feil i kartet



LOKALISERING AV TILTAKET





Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2013/876
		Arkiv:	26/25

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
92/13	Maritim og teknisk komite	24.09.2013

GNR 26 BNR 25 - DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN- ETABLERING AV SNUPLASS

Tilråding:

Maritim og teknisk komitè vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå reguleringsplan 1515199301 LEINE 1, jfr. PBL §19-2 , for etablering av permanent snuplass i bustadfeltet, jfr kartskisse datert 30.08.2013.

Grunngjeving:

Eksisterande snuplass i bustadfeltet er plassert midlertidig på ei bustadtomt og skapar vanskar for å utnytte tomte 26/207 på ein tenleg måte. Den nye permanente snuplassen vert bygd etter gjeldande krav i vegnormalane og vil vere ei klar forbetring av dei trafikale forholda på staden. Med omsyn til barn og unge vert leikearealet som vert brukt erstatta med restarealet vest for ny snuplass, jfr skisse datert 30.08.13. I tillegg har kommunen opparbeid ein ny leikeplass i nærområdet i samarbeid med lokalt grendalag.

Særutskrift:

Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset 6404 Molde
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset 6404 Molde
Stig Leine, G.M.Brydesvei 5a 1390 Vollen

Vedlegg:

Merknad frå fylkesmannen datert 14.08.2013

Merknad frå fylkeskommunen datert 16.08.2013

Kartvedlegg datert 30.08.2013

Saksopplysningar:

Saka gjeld dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan 1515199301 LEINE 1 med siktemål å endre eitt leikeareal (F2) til trafikkareal- sнопlass på gnr 26 bnr 25 i Herøy kommune.

Planstatus:

Området er regulert ved reguleringsplan 1515199301 LEINE 1 og omsøkt område er regulert til leikeareal. Søknaden gjeld dispensasjon etter §19-2 i pbl med siktemål å endre deler av eit leikeareal til trafikkformål.

Skildring av omsøkte tiltak (volum, utforming, situasjonsskisser):

Det vert søkt om å få etablert ein sнопlass etter gjeldande vegnormalar prosjektert og bygd for standard liten lastebil (LL). Det er utarbeidd skisse frå anlegg og driftsavdelinga som viser omfanget av tiltaket. Tiltaket vil endre ein del av leikearealet sin funksjon med omsyn til skråningsutslag for sнопlassen. Detaljsskisser for skråningsutslag ligg ikkje føre, men ein må anta eit skråningsutslag på minimum 1:1,5.

Andre opplysingar om saka:

I samband med etableringa av bustadfeltet vart det oppretta ein mellombels sнопlass, merka 1 på vedlagt kart, Denne sнопlassen tilfredstiller ikkje normalkrava til ein sнопlass og kommunen ønskjer å etablere ein ny sнопlass i området merka 2 på vedlagt kart.



Grunngjeving for flyttinga er at det ikkje er mogleg å ruste opp eksisterande snuplass til ein fullverdig snuplass og samstundes tilpasse dette til planlagd bustadprosjekt på gnr 26 bnr 207. Snuplassen er bygd opp på ein slik måte at ved etablering av bustad med tilhøyrande anlegg på gnr 26 bnr 207 vil det vere sannsynleg at snuplassen får vesentleg skader.

Bustaden som skal etablerast på gnr 26 bnr 207 vil ligge i enden av det etablerte bustadfelt på sørsida av vegen. På nordsida er siste etablerte bustad ført opp på gnr 26 bnr 145 . Kommunen legg til grunn at sambindingsvegen som går vestover ikkje er aktuell lenger då feltet vert vurdert til å vere utbygd.

Kommunen vurderer det som tenleg at snuplassen vert flytta lenger vest til ny lokalisering merka 2 på vedlagt kart. Her kan snuplassen opparbeidast i tråd med gjeldande vegnormalar og vil fungere betre med omsyn til renovasjon , brøyting osv.

Den nye plasseringa medfører at snuplassen vert etablert på området som etter gjeldande reguleringsplan, 1515199301 LEINE 1, er definert som F2 Leik. Ei etablering er derfor avhengig av ein dispensasjon frå arealformålet.

Som erstatning for inngrepet i regulert leikeområde har kommunen nyleg (10.12.09) vedtatt ei reguleringsendring innanfor planområdet 1515199301 LEINE 1 som legg til rette for eit betre eigna leikeområde aust i bustadfeltet, merka 3 på kartet. I tillegg har kommunen seinast 25 april 2013 vedtatt reguleringsplan 1515201258 INDRE LEINE BUSTADFELT der ei rekkje leikeareal er sikra.

Vurdering og konklusjon:

Dispensasjonssaka har vore sendt på høyring til aktuelle partar og følgjande merknadar ligg føre:

Anlegg og driftsavdelinga: Ingen merknadar

Fylkesmannen i M/R:

Krav til at det vert etablert ei fullverdig erstatning for det arealet som vert tatt bort og er ikkje samd med kommunen at erstatningsarealet som er det er vist til i høyringsdokumentet er innanfor begrepet fullverdig erstatningsareal. Fylkesmannen støtter kommunen i at det er behov for ein betre snuplass, men er ueinig at saksframlegget frå kommunen dekkjer krava som RPR for barn og unge set for erstatning av areal som går tapt. Vil vurdere å påklage vedtaket, men vil vurdere dette nærare når ei detaljvurdering ligg føre.

Kommentar:

Gnr 26 bnr 25 er i privat eige i dag, men kommunen har inngått kontrakt om kjøp av arealet som omfattar F2 leik i dagens reguleringsplan. Restareal som ikkje vert nytta til snuplass kan soleis leggest til rette for fri leik. Delar av området er ikkje egna til etablering av småleikeplass (bratt), men kan nyttast som akebakke eller liknande. Erstatningsarealet som kommunen viser til er godt eigna til småleikeplass for «heile feltet». Kommunen opparbeidar i desse dager feltet som vart vedtatt i 2009 og skal samstundes med etablering av tekniske anlegg opparbeide leikearealet. Det har vore gått synfaring med lokalt grendalag for korleis denne opparbeidinga skal

gjennomførast og leikeplassen skal vere ferdig etablert frå kommunen si side i september 2013. Etablering av leikeapparat, kasser osv. vil grendalaget sjølv stå for.

Kommunen vurderer det til at leikeareal til barn og unge i feltet vert vesentleg betre enn i dag og viser til at etablering av ny leikeplass skjer i samråd med lokale krefter og vil stå klar før snuplassen vert etablert.



Det skraverte arealet viser kva kommunen har inngått avtale om kjøp av grunn.

Med omsyn til at vegen ikkje skal byggast vidare vestover vurderer kommunen det som tenleg at restarealet som vert att vest for snuplassen vert disponert og nytta som område for fri leik, jfr kartskisse datert 30.08.2013.

MR Fylkeskommune:

Peikar på vilkåra for å å gje dispensasjon etter §19-2 og ønskjer heller at det vert gjennomført ei reguleringsendring. Legg og vekt på at barn og unge må høyrast og som eit minimum må barnerepresentanten uttale seg i saka.

Bør ikkje omdisponere utan at det ligg føre fullverdig erstatningsareal og viser til rettleiaren T-2/08 og då særskild til avstandskrav. Vil vurdere å påklage vedtak, men avventer inntil vedtak i saka.

Kommentar: Mykje av det fylkeskommunen peikar på er same moment som fylkesmannen viser til. Viser derfor til kommentaren som er gitt til fylkesmannen sin merknad.

Barnerepresentanten, uttale pr.post 13.9.13:

Barnerepresentanten har sett på planen og meiner det er skissert gode løysingar på ny snuplass samt leikeareal. I eit større område er det lagt til rette for store og gode leikeareal, og det er bra!

Kort vurdering jamfør pbl §19-2, andre ledd :

Hensyn bak bestemmelse- Kommunen vurderer det til at tiltaket ikkje tilsidesetter hensynet bak bestemmelsen då ein i seinare tid har sikra nye og betre leikeområder sentralt i feltet.

Fordelar /ulemper- Tiltaket har ei klar overvekt av fordelar med seg med omsyn til at ein får etablert ein snuplass som er dimensjonert iht. Vegnormalane og at den «midlertidige snuplassen» vert etablert permanent i feltet. Med omsyn til barn og unge sine interesser er ein av den oppfatning at tilrettelegginga kommunen har gjort med andre leikeareal i området, jfr. Saksutgreiinga, vil ha overvekt med fordelar med seg.

Konsekvensar for folkehelse:

Tilrettelegging av leikeplassar i eit bustadområde har klart positive konsekvensar for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

-

Konsekvensar for drift:

-

Fosnavåg, 13.09.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller



Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Reg.nr. 2013/876	Saksbeh. JMM
16 AUG. 2013	
Ark kode P 26/25	
Ark kode S	
J.nr.	Dok nr. 5
Kassasjon	

Herøy kommune

Gnr26 bnr25 - endring av leikeplass til snuplass.

Fråsegn til søknad om dispensasjon frå reguleringsplan.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Søknaden gjeld omdisponering av regulert friområde/leikeplass til trafikkareal/snuplass.

Barn og unge sine interesser

Ved omdisponering av leikeareal som i dette tilfelle, er det krav til at det blir skaffa fullverdig erstatning, jf RPR for barn og planlegging pkt 5 d. I saksutgreiinga blir det vist til at det vart regulert ein leikeplass i 2009 som i luftline ligg 240 meter lenger aust, og at denne kan erstatte den som no går tapt. I høve til dei kartutsnitt som ligg ved søknaden er det berre ein leikeplass som no blir tilgjengeleg for eit relativt stort tal einbustader. I område med store einbustadtomter vil det ikkje vere like stort behov for leikeareal som i meir tettbygde strøk med lite grøntareal, men for dei minste barna vil det alltid vere eit behov for tilrettelagde nærleikeplassar med disser og sandkasser. Avstand til slike nærleikeplassar bør normalt ikkje vere meir enn 100 meter og maks 200 meter. I dette tilfelle blir avstandane for store for mange av husa i område.

Vi er difor ikkje einig med kommunen i at det er skaffa fullverdig erstatningsareal for leikeplassen, då leikeplassen som det blir vist til vart regulert i 2009 og uansett skulle dekke behovet for det arealet den aktuelle reguleringsplanen var omfatta av. Slik vi ser det ville det vore mest naturleg at leikeplassen vart flytta nordover, og plassert der det no er vist ei ny bustadtomt på eit vedlegg som følgjer saka datert 10.07.2013 med påskrift snuhammer Leine. Dette ville vore eit reelt erstatningsareal. Vi tek atterhald om arealet er eigna for føremålet då vi ikkje har vore på synfaring i saka, men berre har sett på flyfoto.

Konklusjon

Fylkesmannen støttar kommunen i at det er behov for ein betre snuplass og at den føreslegne løysinga vil løyse dette. Vi er imidlertid ueinig i at det er lagt fram eit saksframlegg som stettar krava i RPR for barn og unge når det gjeld erstatning av leikeplassen som går tapt. Det går heller ikkje fram av saksframlegget at det er reguleringsføresegner i reguleringsplanen Leine 1 frå 2009 som sørger for at leikeplassen blir opparbeidd og reelt sett kan brukast som leikeplass. Fylkesmannen vil difor vurdere å påklage vedtaket, men vil vurdere dette nærare når vi får ei nærare detaljvurdering frå

kommunen si side som gjeld det samla tilbodet av leikeareal i området og om planar for opparbeiding av regulert leikeareal.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Jon Ivar Eikeland
seksjonssjef

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr. 2013/876	Saksbeh. JMM
19 AUG. 2013	
Ark kode P 26/25	
Ark kode S	
J nr.	Dok nr. 4
Kassasjon	



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2013/876	02.07.2013	48434/2013/DISPENSASJON/1515	Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94	16.08.2013

Herøy kommune - endre leikeareal til trafikkareal, snuplass gbnr 26/25 - fråsegn ved dispensasjon frå reguleringsplan

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfagleg vurdering

Reint planteknisk vert formålet bak gjeldande plan sett vesentleg til sides, slik vi vurderer vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2. Vi kan heller ikkje sjå at det er fordelar ved tiltaket som veg opp for at leikearealet vert forringa. Vi meiner det i staden må gjennomførast reguleringsendring, slik at ein kan vurdere alternative løysingar gjennom prosess med medverknad slik intensjonen i lova er. Slik får ein også eventuelt regulert vekk vegløyising som ikkje skal realiserast. Vi vil også peike på lovkrav om at barn og unge skal sikrast medverknad i plansaker, og ber om at dette vert synleggjort i saksbehandlinga. Som eit absolutt minimum må uttale frå barnerepresentant innhentast.

Etter vårt syn vil ein ikkje kunne omdisponere arealet utan å syte for *fullverdig* erstatningsareal. Dette har kommunen også framheva. I dette tilfellet er det vanskeleg for oss å ta stilling til om erstatningsarealet som er nemnt i søknaden er fullverdig, i og med ein ikkje har drøfta avstandsforhold og opparbeidingsgrad på dei nye leikeplassane. Det er klar nasjonal politikk at leikeareal ikkje skal omdisponerast med mindre det er tvingande nødvendig, derav også dei strenge reglane om fullverdig erstatningsareal. Kommunen må difor gjere ei konkret vurdering av kva kvalitetar og funksjon arealet har i dag, og tilsvarende for det ein tenkjer å stille som erstatningsareal. Dette må gjerast med utgangspunkt i *forskrift om rikspolitiske retningslinjer for planlegging for barn og unge*, og sjå særleg *avstandskrava* som er konkretiserte i rettleiar T-2/08. Dersom det er snakk om å nytte regulert privat leikeplass (med eigarform *felles* for nokre definerte eigedomar) som erstatningsareal, må kommunen også drøfte eigarforhold og bidrag til drift og vedlikehald. Det er også gjort klart at økonomiske forhold skal tilleggast lite vekt i vurderinga av om alternativ lokalisering/ andre løysingar er mogleg.

Alternativ lokalisering er etter vårt syn framleis mogleg, ettersom 26/207 og 26/190 enno ikkje er nytta til bustadføre mål. Eksisterande snuplass er heller ikkje opparbeidd til eigedomsgrensa, og ei løysing med eksempelvis oppmuring i grensa må vurderast konkret.

Vilkåra for barn og unge er eit nasjonalt og regionalt prioritert satsingsområde, og fylkeskommunen er tillagt særskilt ansvar for å sikre at barn og unge sine interesser er

ivaretekne i plansaker. I denne saka har vi ikkje grunnlag for å ta stilling til om positivt vedtak vil verte påklaga, men avventar vedtak i saka. Vi rår likevel klart i frå søknaden, som vi meiner går ut over det ein har lovheimel til.

Konklusjon

Vi kan ikkje konkludere om eit positivt vedtak vil verte påklaga, men meiner at det er fullt mogleg å lokalisere snuplass utan å måtte omdisponere leikearealet. Vi rår klart i frå søknaden slik den ligg føre.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.



Med helsing

Heidi-Iren Wedlog Olsen
ass. fylkesplansjef

Kristian Hole Fløtre
rådgivar

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her


DATO:
30.8.13

 = VEG/SNUPPLASS / ANNA TRAFIKAREAL
 = FRI LEIK

Nytt Bolighus

Ny SNUPPLASS

EKSISTERENDE SNUPPLASS



Date: 10.07.2013		Scale: 1:500		Drawing No: 101	
Author: Snulhammer Leine		Checked: []		Date: []	
Project: []		Drawing No: []		Scale: []	



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2013/910
		Arkiv:	40/13

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
93/13	Maritim og teknisk komite	24.09.2013

GNR 40 BNR 13 - FRÅDELING AV EIT STØRRE NAUSTAREAL

Tilråding:

1.
Maritim og teknisk komitè vedtek at det vert gjeve dispensasjon frå byggeforbodet i 100-metersbeltet i strandsona, jfr. PBL §1-8, med sikte på frådeling av ein større naustparsell.

Vilkår for dispensasjonen:

Før tiltak kan etablerast på eigedomen skal det leggst fram detaljert(e) situasjonsplan(ar) som sikrar at området vert utnytta best mogleg til omsøkt føremål. Infrastruktur, arkitektur, sjøfront, tomtedeling m.v skal framgå av planane.

2.
Med heimel i plan og bygningslova §21-4 av 27 juni 2008 nr 71 og lov om eigedomsregistrering (Matrikkellova) §§33 og 34, godkjenner Maritim og teknisk komitè søknad om løyve til tiltak jfr PBL §20-1 bokstav m datert 05.07.2013.

Maritim og teknisk komitè gjev løyve til frådeling av ein naustparsell frå gnr 40 bnr 13 som omsøkt.

Særutskrift:

Svanhild J Helde, 6070 Tjørvåg

Lindor Skeide, Saunesvegen 31 A 6065 Ulsteinvik

Per Dimmen, Brekkane 32 6060 Hareid

Kjell L Moldskred, Nesevegen 3 6065 Ulsteinvik

Jens O Vik, Lånagjerde 14 6065 Ulsteinvik

Åge Karlsen, Solfallet 2 6060 Hareid

Vedlegg:

Søknad med vedlegg og supplerande kommentarer datert 05.07.2013

Merknad frå naboar på gnr 40 bnr 41 datert 15.07.2013

Merknad frå Fylkesmannen datert 20.08.2013

Merknad frå Statens vegvesen datert 19.08.2013

Merknad frå anlegg og driftsavdelinga datert 28.08.2013

Saksopplysningar:

Saka gjeld frådelling av eit naustområde på gnr 40 bnr 13 i Herøy kommune.

Planstatus for området er at det er uregulert, men er i kommuneplanen sin arealdel lagt ut til område for naust/sjøbuder. Det vert søkt om dispensasjon frå §1-8 i plan og bygningslova med hensikt til å dele frå eit større naustområde. Det er ikkje søkt om endring av formål, men ein dispensasjon frå §1-8 i plan og bygningslova vil vere naudsynt.

Kommunen har bede tiltakshaver om ei komplementering av søknaden basert på at det er søkt om frådelling av 2,2 da stor nausttomt. Kommunen har vist til at frådelling av nausttomt i denne storleiken bryter med gjeldande praksis og har vist til at normalt vil ei nausttomt ligge på om lag 10m x 10m, men det kan gjerast tilpasningar dersom naturgjevne tilhøve tilseier dette. Ein har og bede om at det vert innteikna kvar avkjørsla er tenkt etablert og kvar ein evt. privat veg skal førast fram.

Tiltakshaver har basert på kommunen si tilbakemelding signalisert at ein ønskjer å dele frå alt areal samla sett og til uendra bruk og legg til grunn at det vert opp til den nye eigaren å utvikle området i tråd med kommunale planar og retningslinjer.

Kjøpar av eigedomen underbyggjer tiltakshaver sine opplysningar og signaliserer at vidare utvikling av eigedomen vil skje når utfallet av delingssøknaden ligg føre med omsyn til parkering, oppdeling m.v

Vurdering:

Saka har vore sendt til uttale til aktuelle partar og ein har motteke følgjande merknadar.

Grunneigarar på gnr 40 Bnr 41:

Ser ikkje noko hinder i at det vert etablert naust på parsellen, men gjer merksam på vegretten som bnr 41 har over bnr 13 frå den kommunale vegen. Vil ikkje tillate at vegretten vert hindra.

Kommentar: Vegrett er ein privatrettsleg avtale mellom grunneigarar som det må takast omsyn til ved realisering av eigedomen.

Fylkesmannen :

Rår til at området vert vurdert i det pågåande kommuneplanarbeidet om det er eigna til føremålet naust. Er elles samd med kommunen sine vurderingar.

Kommentar:

Administrasjonen har vore skeptisk til om det er rett å dele frå ei 2,2 dekar stor nausttomt. Ein viser då til at frådeling av nausttomt i denne storleiken bryter med gjeldande praksis og viser til at normalt vil ei nausttomt ligge på om lag 10m x 10m, men det kan gjerast tilpasningar dersom naturgjevne tilhøve tilseier dette.

Med omsyn til det pågåande planarbeidet er det ikkje kome inn særskilde merknadar for dette området. Ein vil likevel gjere merksam på at det burde stillast krav om ein utnyttingsplan/reguleringsplan/situasjonsplan for området før det vert gjeve løyve til tiltak.

Statens vegvesen:

Ingen merknad då vegtilkomst er frå offentleg veg.

Kommentar: Ingen

Anlegg og driftsavdelinga:

Ingen særskilde merknadar, men med omsyn til avkjørsle må dette vurderast nærare når det ligg føre konkrete byggeprosjekt på eigedomen.

Kommentar: Ingen

Konklusjon:

Frådeling av nausttomt i denne storleiken bryter med gjeldande praksis med tilvisning til at normalt vil ei nausttomt ligge på om lag 10m x 10m, men der det kan gjerast tilpasningar dersom naturgjevne tilhøve tilseier dette. Ein rår til at det vert stilt vilkår for å dispensere frå §1-8. Det bør setjast krav om detaljert(e) situasjonsplan(ar) som sikrar at området vert utnytta best mogleg til omsøkt føremål. Infrastruktur, arkitektur, sjøfront, tomtedeling m.v bør stå sentralt.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Fosnavåg, 05.09.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann
Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Søknad om deling og eller rekvisisjon av oppmålingsforretning

Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20, 1. ledd, m og lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfylt. Ved plassmangel, lag eige vedlegg.

Søknaden skal sendast:

HERØY KOMMUNE

Plass for kommunen sitt stempel

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN

Reg.nr. 2013/910 Saksbeh. H. J. M.

- 8 JULI 2013

Ark.kode P 40/13
Ark.kode S
J.nr. Dok.nr 1
Kassasjon

1. Sakstype – rekvisisjon (sjå rettleiing s.4):

- I. Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning ved oppretting eller endring av matrikkeleining (PBL§ 20-1).
- II. Utsetjing av oppmålingsforretning. Søkjar er ansvarleg for å rekvirere oppmålingsforretning innan 3 år, før delingsløyvet går ut. Jf.pbl §21-9.
- III. Rekvisisjon i medhald av matrikkellova kap. 3 og 7 (pkt. 1-3 og 10-12 skal fyllast ut)

2. Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom(ar):

Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):
40	13			HELDE SVANHILD JØRGINE
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Seksj.nr	Heimelshavar(ar) (med blokkbokstavar):

3a. Søknaden gjeld:

- Saksstype I og II (PBL§20-1)**
- Deling og oppmålingsforretning av:
- Ny grunneigedom
- Anleggseigedom
- Anna: (spesifiser) _____
- Arealoverføring (hugs skjema: *Erklæring om arealoverføring.*)
- Oppretting av festetomt
- Oppretting av punkt feste
- Anna: (spesifiser) _____
- Dispensasjon (disp.søknad skal grunngjevast, eige ark/skjema)

3b. Rekvisisjonen gjeld:

- Saksstype III (Matrikkellova)**
- Grensejustering (matrikkelforskr. § 34)
- Klarlegging av eksisterande grenser (matrikkelforskr. § 36)
- Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn (matrikkelforskr. §31)
- Registering av uregistret jordsameige (matrikkelforskr. § 32)
- Uteareal til eigarseksjon (jf. Eigarseksjon § 7, matrikkelforskr. § 35)
- Etter valt saksstype D, gå til punkt 10.

4. Parsellen(ane) skal nyttast til:

Parsell nr.	Areal (ca areal)	Formål (bustad, fritid, næring, anna)	Sjølvstendig brukseining	Tilleggsparsell	Tilleggsparsell til gnr/bnr.	
1	2,2 mål	NAUST/SJØBUD	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
2			<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
3			<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
4			<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
5			<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.
6			<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Bnr.

5.1 Arealdisponering søknad i samsvar med:

- Kommuneplan Kommunedelplan Reguleringsplan(område/detalj) Bebyggelsesplan

Namn på plan: *Kommuneplanen for Bergsøy Arealplanen*

5.2 Arealdisponering/søknad om dispensasjon frå:

- Kommuneplan Kommunedelplan Reguleringsplan(område/detalj) Bebyggelsesplan

6. Rasfare, flaum, grunn- og miljøtilhøve.

Ligg det føre tilstrekkelig tryggleik mot rasfare, flaum, grunntilhøve og miljøtilhøve? Jf.pbl § 28-1.

Ja Nei (Viss nei, må kompenserande tiltak forklarast i eige vedlegg.)

7. Avstandar

Går det høgspant kraftlinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta? Nei Ja, avstand: m Dersom ja, må ein leggje ved ei nærare utgreiing/avklaring med leidningseigar om dette

Går det priv/off.vass og avløpsledning i eller i nærleiken av tomta? Nei Ja, avstand: m

8. Tilkomst - jf. pbl § 27-4 og veglova §§ 40-43

Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå?

Riksveg Fylkesveg Kommunal veg Privat veg

Ny avkøyrsløse eller utvida bruk av eksisterande?

Ny avkøyrsløse frå offentlig veg (avkøyrsløse og ny veg skal visast på situasjonskartet)

Utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse

Dersom delinga føreset vegrett over privat grunn, må dokumentasjon om dette leggst ved.

Er løyve til avkøyrsløse gitt? Ja Nei

9. Vassforsyning/avløp - jf. pbl §§ 27-1 og 27-2

Offentleg vassverk: Ja Nei

Offentleg avløpsanlegg: Ja Nei

Privat vassverk: Ja Nei

Privat avløpsanlegg: Ja Nei

Viss privat felles løysing må løyve for tilknytning og naudsynt vedlikehald på anlegget leggst ved.

Dersom det ikkje tidlegare er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggst ved denne søknaden.

10. Vedlegg

Vedl. nr.: Forklaring

___ Utvida liste over heimelshavar/rekvirentliste

Kart/situasjonsplan

___ Fråsegn, samtykkje, løyve

Gjenpart av nabovarsel

___ Private bruksrettar (servituttar)

___ Dispensasjonssøknad

___ Andre vedlegg:

Legg ved evt. tilleggsopplysningar som kan opplyse saka.

11. Andre opplysningar

12. Underskrift av heimelshavar/rekvirent

Dato 5/7 2013	Rekvirenten sitt namn (med blokkbokstavar) SVANHILD J. HELDE	Rekvirenten si underskrift <i>Svanhild J. Helde</i>
Adresse		Postnr/stad 6070 TJØRVÅG
E-postadresse	Telefon 97512 919	Fødselsdato./Organisasjonsnr 1507 37 45036

13. Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av

Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fylt ut, vil faktura verte sendt rekvirent)

Dato	Betalar sitt namn med blokkbokstavar	Betalar si underskrift
Fødselsdato./Organisasjonsnr		Postnr/stad

Martinus Feie

40/39

40/41

40/13

40/41

FRÅDELINGA GJELD
FARGA OMRÅDE.

Mot hovedveg

40/13

 **HERØY KOMMUNE**
01.07.2013 1:500
Det kan forekomme feil i kartet



Gjenpart av nabovarsel

for tiltak etter plan- og bygningslova (PBL)

Vedlegg nr.

C-

Kommunens saksnr.

Til :

HERØY KOMMUNE

POSTBOKS 274
6099 FOSNAVÅG

For oppført eiendom nedanfor er det i henhold til bestemmelsar i § 21-3 i plan- og bygningslova av 27.juni 2008 nr.71, sendt følgjande nabovarsel:

Tiltak på eiendomen:

Matrikelnr: 1515 - 40/13

Eiendomsadr:

Eier/fester HELDE SVANHILD JØRGINE

Adresse:

6070 TJØRVÅG

Kopi av dette dokument utan vedlegg skal sendast til kommunen, samtidig som naboar vert varsla.

Det vert varsla herved om

Søknad om tiltak som krev tillatelse etter plan- og bygningslova § 20-1 og §20-2

 Nybygg Anlegg Endring av fasade Riving Skilt Eigendomsdeling eller bortfeste Innhegning mot vegg Bruksendring Dispensasjonar

Anna - beskriv

 Driftsbygning i landbruket pbl § 81 Dispensasjonar Mindre byggearbeid Skilt

Skriv nærmere om kva nabovarselet gjeld

FRÅDELING : SJÅ VEDLAGT KART (Område frå hovudveg til eiendomen at Martinus Feie. Høgre side av veg)

Vedlegg

Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. frå - til	Ikkje relevant
Dispensasjonssøknader	B		<input checked="" type="checkbox"/>
Situasjonsplan	D		<input checked="" type="checkbox"/>
Fasadeteikningar og snitt	E		<input checked="" type="checkbox"/>
Andre vedlegg	J	1	<input type="checkbox"/>

Adresser

 Søknaden er lagt ut på besøksadresse:

Ansvarleg søker si postadresse:

Eventuelle merknader må vere ihende ansvarleg søker innan 2 veker etter at dette varselet er sendt. (Kopi kan sendes kommunen).

 Søknaden kan sjåast hjå kommunen på adresse:

Herøy kommune Rådhuset, 6099 Fosnavåg

Eventuelle merknader må vere ihende kommunen innan 2 veker etter at dette varselet er sendt.

Underskrift

Stad | Dato | Underskrift (tiltakshavar eller ansvarleg søker)

NAUTØYA

4/7-13

Kvittering for nabovarsel

Nabovarsel kan enten sendes som rekommandert sending eller overleveres personlig mot kvittering. Ved personlig overlevering vil avkryssing gjelde som bekreftelse på at varselet er mottatt.

Eiendom/byggested

1515 - 40/13

Adresse

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr

1515 - 40/4

Eier/Festers navn

HELTNE KNUT ENDRE

Eiendomsadresse

Adresse

LØNNEVEGEN 3

Postnr

Poststed

6102 VOLDA

Personlig kvittering er mottatt varsel

Dato | Sign.

Varsel er mottatt

Samtykker i tiltaket

Denne del klistres på kvittering
RR 1922 6196 5 NO

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr

1515 - 40/4

Eier/Festers navn

HELTNE REIDUN MORK

Eiendomsadresse

Adresse

LØNNEVEGEN 3

Postnr

Poststed

6102 VOLDA

Personlig kvittering er mottatt varsel

Dato | Sign.

Varsel er mottatt

Samtykker i tiltaket

Denne del klistres på kvittering
RR 1922 6197 4 NO

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr

1515 - 40/39

Eier/Festers navn

FEIE MARTINUS

Eiendomsadresse

Adresse

BERGSVEGEN 10

Postnr

Poststed

6070 TJØRVÅG

Personlig kvittering er mottatt varsel

Dato | Sign.

Varsel er mottatt

Samtykker i tiltaket

Denne del klistres på kvittering
RR 1922 6198 8 NO

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr

1515 - 40/40

Eier/Festers navn

LILLEROVDE ELДАР

Eiendomsadresse

Adresse

BERGSVEGEN 10

Postnr

Poststed

6091 FOSNAVÅG

Personlig kvittering er mottatt varsel

Dato | Sign.

Varsel er mottatt

Samtykker i tiltaket

Denne del klistres på kvittering
RR 1922 6199 1 NO

Nabo-/gjenboereiendom

Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn

Matrikelnr

1515 - 40/40

Eier/Festers navn

LILLEROVDE HALDIS PETRA

Eiendomsadresse

Adresse

BERGSVEGEN 10

Postnr

Poststed

6070 TJØRVÅG

Personlig kvittering er mottatt varsel

Dato | Sign.

Varsel er mottatt

Samtykker i tiltaket

Denne del klistres på kvittering
RR 1922 6200 8 NO

Det er per dags dato innlevert rekommandert sending til ovennevnte adressater.

Plass for stempel og signatur

124539
Date: 5/2-13
Sign. Tella

Samlet antall sendinger: 5 - fem

Kvittering for nabovarsel

Nabovarsel kan enten sendes som rekommandert sending eller overleveres personlig mot kvittering. Ved personlig overlevering vil avkryssing gjelde som bekreftelse på at varselet er mottatt.

Eiendom/byggested 1515 - 40/13	Adresse
--	----------------

Nabo-/gjenboereiendom		Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn	
Matrikelnr 1515 - 40/41	Eier/Festers navn DIMMEN PER	Postnr	Poststed 6060 HAREID
Eiendomsadresse	Adresse BREKKANE 32	Postnr	Poststed 6060 HAREID
Personlig kvittering er mottatt varsel <input type="checkbox"/> Varsel er mottatt <input type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket	Dato Sign. Denne del klistres på kvittering RR 1922 6201 1 NO		

Nabo-/gjenboereiendom		Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn	
Matrikelnr 1515 - 40/41	Eier/Festers navn MOLDSKRED KJELL LARS	Postnr	Poststed 6065 ULSTEINVIK
Eiendomsadresse	Adresse NESEVEGEN 3	Postnr	Poststed 6065 ULSTEINVIK
Personlig kvittering er mottatt varsel <input type="checkbox"/> Varsel er mottatt <input type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket	Dato Sign. Denne del klistres på kvittering RR 1922 6202 5 NO		

Nabo-/gjenboereiendom		Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn	
Matrikelnr 1515 - 40/41	Eier/Festers navn SKEIDE LINDOR BJØRN	Postnr	Poststed 6065 ULSTEINVIK
Eiendomsadresse	Adresse SAUNESVEGEN 31 A	Postnr	Poststed 6065 ULSTEINVIK
Personlig kvittering er mottatt varsel <input type="checkbox"/> Varsel er mottatt <input type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket	Dato Sign. Denne del klistres på kvittering RR 1922 6203 9 NO		

Nabo-/gjenboereiendom		Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn	
Matrikelnr 1515 - 40/41	Eier/Festers navn VIK JENS OLA	Postnr	Poststed 6065 ULSTEINVIK
Eiendomsadresse	Adresse LÅNAGJERDE 14	Postnr	Poststed 6065 ULSTEINVIK
Personlig kvittering er mottatt varsel <input type="checkbox"/> Varsel er mottatt <input type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket	Dato Sign. Denne del klistres på kvittering RR 1922 6204 2 NO		

Nabo-/gjenboereiendom		Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn	
Matrikelnr 1515 - 40/70	Eier/Festers navn MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postnr	Poststed 6412 MOLDE
Eiendomsadresse	Adresse Julsundveien 9, Fylkeshuset	Postnr	Poststed 6412 MOLDE
Personlig kvittering er mottatt varsel <input type="checkbox"/> Varsel er mottatt <input type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket	Dato Sign. Denne del klistres på kvittering RR 1922 6205 6 NO		

Det er per dags dato innlevert rekommandert sending til ovennevnte adressater.

Samlet antall sendinger: 5-fem

Plass for stempel og signatur	
Sign. <u>Fell...</u>	Dato: <u>8/7-13</u>

Kvittering for nabovarsel

Nabovarsel kan enten sendes som rekommandert sending eller overleveres personlig mot kvittering. Ved personlig overlevering vil avkryssing gjelde som bekreftelse på at varselet er mottatt.

Eiendom/byggested 1515 - 40/13		Adresse	
Nabo-/gjenboereiendom		Nabo-/gjenboereiendoms eiers/festers navn	
Matrikelnr 1515 - 40/70	Eier/Festers navn STATENS VEGVESEN REGION MIDT		
Eiendomsadresse	Adresse	Postnr	Poststed
	Fylkeshuset		6404 MOLDE
Personlig kvittering er mottatt varsel		Dato Sign.	
<input type="checkbox"/> Varsel er mottatt	<input type="checkbox"/> Samtykker i tiltaket	Denne del klistres på kvittering RR 1922 6206 0 NO	

Det er per dags dato innlevert rekommandert sending til ovennevnte adressater.

Samlet antall sendinger: 1-eris

Plass for stempel og signatur

Sign.

124539	Dato: 8/7-13
---------------	------------------------

----- Videresendt e-post -----

Fra: **Åge Elias Karlsen** <aage.karlsen66@gmail.com>

Dato: 16. juli 2013 kl. 12:53

Emne: Søknad om frådeling av eiendom på Nautøya

Til: jarl@heroy.kommune.com

Heisan!

Viser til samtale tidligere i dag på Herøy rådhus.

Jeg har hvert i kontakt med Svanhild om kjøp av tomt, men hun vil ikke selge en liten del av et stykke. Hun vil selge hele eiendommen det er søkt om, i en omgang hvis jeg kunne hjelpe med søkingen. Hun ønsker ikke å sitte igjen med småstykker og biter her og der, og orker ikke alt styret med søknader osv. Selv om eiendommer er stor så er bare en liten del av den egnet til naust eller sjøboder.

Etter beste evne har jeg sendt nabovarsel og fylt ut skjema om frådeling.

Skriver denne mailen som oppklaring i hva dette dreier seg om. Tanken er å kjøpe eiendommen og så utvikle denne videre. Det er altså snakk om kjøp av eiendom og ikke tomt. Viser til vedlagte brev fra Svanhild. Vedlagt ligger også kopi av brev fra kommunen ang saken og et kartutsnitt med ønsket vei trasse.

Dersom vi får kjøpe eiendommen, vil vi videre forsøke å få kjøpe den lille flekken ytterst på neset. Evt. forsøke å bytte den i et område nærmere veien. Denne flekken er ikke egnet til noe naust og har heller ikke veirett.

Når denne prosessen er ferdig eller utfallet av denne prosessen vil gi oss en pekepinn for hvordan vi kan legge en plan for hele område. Parkering, oppdeling osv.

Håper dette var oppklarende.

Mvh

Åge Karlsen
Kjøper av evt. frådelt eiendom

--

Mvh

Åge Karlsen

aage.karlsen66@gmail.com

--

Mvh

Åge Karlsen
aage.karlsen66@gmail.com

Svanhild Jørgine Helde

6070 Tjørnvåg

Nautøya 16. juli 2013-07-16

Herøy kommune


Den det måtte angå

Anngående frådeling av tomt på Nautøya

Viser til brev frå kommuna av 10.07.13, der det vert påpeika at tomta det er søkt om frådeling for er større enn det som er vanleg for naust. (10m x 10m) Viser vidare til telefonsamtale med J. M. Møller, der eg framheld at eg ikkje ynskjer å selje eigedomen i delar.

Eg ynskjer å selje eigedomen i eit stykke og har ingen formeining eller tankar om kva den skal brukast til av den nye eigaren. Det må verte ei sak mellom den nye eigaren og Herøy kommune. Mitt ynskje er å få frådelt den eigedomen slik at den kan seljast i ein omgong slik at eg slepp å styre med søknader og nabovarslar og kommune.

Mvh



Svanhild Jørgine Helde



Svanhild J. Helde

6070 TJØRVÅG

Saksnr
2013/910

Arkiv
40/13

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
UTV / JMM

Dato
10.07.2013

GNR 40 BNR 13 - FRÅDELING AV NAUSTTOMT- SVAR PÅ SØKNAD

Viser til Dykkar søknad journalført her 8 juli 2013.

Dagens planstatus for området er naust/sjøbuder og ei frådeling av ei enkelt nausttomt vil vere i samsvar med planen.

Av søknaden går det fram at det er søkt om frådeling av 2,2 da stor nausttomt jfr. Kart datert 01.07.2013.


Frådeling av nausttomt i denne storleiken bryter med gjeldande praksis og kan ikkje kunne godkjennast. Ein ber om at ein revurderer storleiken på tomta til å ligge innanfor akseptable rammer til dette formålet. Normalt vil ei nausttomt ligge på om lag 10m x 10m, men det kan gjerast tilpasningar dersom naturgjevne tilhøve tilseier dette. Vidare ber ein om at det vert innteikna kvar avkjørsla er tenkt etablert og kvar ein evt. privat veg skal førast fram. Vedlagt ligger eit nytt kart i målestokk 1:1000.

Søknaden vert stilt i bero inntil det ligg føre nye opplysningar i saka.

Med helsing

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan signaturer.




Ønske om
vei fra sse

HERØY KOMMUNE
10.07.2013 1:1000
Det kan forekomme feil i kartet



0 10 20 30 40 m




Ønske om
vei fra sse

HERØY KOMMUNE
10.07.2013 1:1000
Det kan forekomme feil i kartet



0 10 20 30 40 m



Svanhild J. Helde

6070 TJØRVÅG

Saksnr
2013/910

Arkiv
40/13

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
UTV / JMM

Dato
10.07.2013

GNR 40 BNR 13 - FRÅDELING AV NAUSTTOMT- SVAR PÅ SØKNAD

Viser til Dykkar søknad journalført her 8 juli 2013.

Dagens planstatus for området er naust/sjøbuder og ei frådeling av ei enkelt nausttomt vil vere i samsvar med planen.

Av søknaden går det fram at det er søkt om frådeling av 2,2 da stor nausttomt jfr. Kart datert 01.07.2013.

Frådeling av nausttomt i denne storleiken bryter med gjeldande praksis og kan ikkje kunne godkjennast. Ein ber om at ein revurderer storleiken på tomta til å ligge innanfor akseptable rammer til dette formålet. Normalt vil ei nausttomt ligge på om lag 10m x 10m, men det kan gjerast tilpasningar dersom naturgjevne tilhøve tilseier dette. Vidare ber ein om at det vert innteikna kvar avkjørsla er tenkt etablert og kvar ein evt. privat veg skal førast fram. Vedlagt ligger eit nytt kart i målestokk 1:1000.

Søknaden vert stilt i bero inntil det ligg føre nye opplysningar i saka.

Med helsing

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan signaturer.

Svanhild Jørgine Helde

6070 Tjørnvåg

Nautøya 16. juli 2013-07-16

Herøy kommune


Den det måtte angå

Anngående frådeling av tomt på Nautøya

Viser til brev frå kommuna av 10.07.13, der det vert påpeika at tomta det er søkt om frådeling for er større enn det som er vanleg for naust. (10m x 10m) Viser vidare til telefonsamtale med J. M. Møller, der eg framheld at eg ikkje ynskjer å selje eigedomen i delar.

Eg ynskjer å selje eigedomen i eit stykke og har ingen formeining eller tankar om kva den skal brukast til av den nye eigaren. Det må verte ei sak mellom den nye eigaren og Herøy kommune. Mitt ynskje er å få frådelt den eigedomen slik at den kan seljast i ein omgong slik at eg slepp å styre med søknader og nabovarslar og kommune.

Mvh



Svanhild Jørgine Helde

Uti avd.

(E)

SVANHILD HELDE,
6070 TJØRVÅG

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2013/910	Saksbeh. ZMM
22 JULI 2013	
Ark kode P 40/13	
Ark kode S	
J nr.	Dok nr. 5
Kassasjon	

Ulsteinvik, 15.07 2013

ANG. NAUST PÅ G.NR. 40, BR.NR. 13 I HERØY.

Viser til nabovarsel datert 04.07 2013 motteke rekomm. den 11. juli d.å.

Vi ser ikkje noko hinder for at det vert bygd naust på parsellen Dykkar ved sjøen.

Når det gjeld vår parsell ved sjøen, g.nr. 40, br.nr. 41 i Herøy, er denne og berekna til naust / landingsplass for båt.


Gjer merksam på at denne parsell har vegrett over g.nr. 40 , br.nr. 13 frå den komm. vegen.

Naust på Dykkar parsell må ikkje plasserast mot nabogrensa slik at denne vegrett vert hindra.

Dette til orientering i byggesaka.

Med helsing
for sameiget

PER DIMMEN
JENS OLA VIK
KJELL MOLDSKRED
LINDOR SKEIDE



Lindor Skeide

Kopi til Herøy Kommune, Teknisk Etat
og medeigarane i sameiget

Herang Komunitas
Teknik Staf
6090 FOSNAVAG



Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Herøy Kommune
RADMANNEN
Saksbeh. 2013/910 JMM
21 AUG. 2013
Ark kode P 40/13
Ark kode S
J.nr. Dok til 6
Kassasjon

Herøy kommune. Frådeling av naustområde gnr40 bnr13 - Svanhild Jørgine Helde. Fråsegn til dispensasjon frå kommuneplan og pbl § 1-8.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Søknaden gjeld frådeling av naustområde innfor areal avsett til naust i kommuneplanen. Kor vidt arealet er eigna for naust, vil måtte vurderast i samband med det pågåande arbeidet med rullering av kommuneplanens arealdel. Fylkesmannen er elles samd i kommunen si vurdering av saka, og har ut over dette ikkje særskilte merknader til frådelinga.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
seksjonssjef

Astrid Buset
overingeniør

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Statens vegvesen

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg nr. 2013/910	Saksbeh. JMM
21 AUG. 2013	
Ark kode P 40/13	
Ark kode S	
J.nr.	Dok nr. 7
Kassasjon	

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:
2011/106168-005

Dykkar referanse:
2013/910

Vår dato:
19.08.2013

Gnr. 40 bnr. 13 i Herøy kommune - Frådeling av naustområde - Uttale

Viser til skriv av 24.7.2013 frå Herøy kommune, der det vert bedt om uttale til søknad om frådeling av naustområde under gnr 40 bnr 13 i kommunen.

Etter det vi forstår vert det lagt opp til at omsøkte parsell skal ha tilkomst frå kommunal veg.

Statens vegvesen har etter dette ingen merknad til omsøkte frådeling.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Ole Jan Tønnesen
for Ole Jan Tønnesen
seksjonsleiar

Hallvard Sæverud
Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen
Fylkesmannen

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Anlegg- og driftsavdelinga

Saksnr
2013/910

Arkivkode
40/13

Dato
28.08.2013

GNR. 40 BNR. 13 -FRÅDELING AV NAUSTOMRÅDE - UTTALE

Ein har ingen særskilde merknader til den omsøkte frådelinga. M.o.t. avkøyrse til området (plassering, utforming m.v.) ser ein det som naturleg at dette spørsmålet vil måtte takast opp nærmare når konkrete planar for utnytting av området ligg føre.

Med helsing

Jan Reidar Gjerde

ei bálengd bare



Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	EFLÅ	Arkivsaknr:	2013/878
		Arkiv:	28/2

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
94/13	Maritim og teknisk komite	24.09.2013

BERGE OG FLUSUND GRENDALAG - GAPAHUK - 28/2

Tilråding:

Maritim og teknisk komite vedtek i medhald av PBL § 19-2 at det vert gjeve dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen med sikte på oppføring av gapahuk knytt til tursti Heid på gnr 28, bnr 2 i Herøy kommune.

Dispensasjonen vert grunngjeven med at tiltaket vil vere eit positivt supplement til den allereie eksisterande Heid tursti og forsterke turområdet sine kvalitetar og bidra positivt i eit folkehelseperspektiv. Opparbeidinga av gapahuken må gjerast på ein naturvenleg måte slik at omgjevnadane vert minst mogleg berørt.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeskommune, 6404 Molde
Berge og Flusund grendalag v/Ragnar Reite, 6091 Fosnavåg

Vedlegg:

- 1 Søknad
- 2 Høringsbrev
- 3 Uttale nr 1
- 4 Uttale nr 2
- 5 Uttale nr 3
- 6 Skisse
- 7 Kart

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

Berge og Flusund grendalag har fått skriftleg avtale med grunneigar Ottar Lars Hjorthaug, eigar av 28/2, om å etablere ein gapahuk på 40 m2 knytt til turområdet. Gapahuken skal plasserast i overkant for Skardet ved stien til fremste Heida, der denne kjem ut frå trimstien mot Tverrfjellet.

Grendalaget har med skriftleg søknad, datert 26.06.2013, søkt om løyve til oppføring av gapahuk. Aktuell plassering er i LNF- område av kommuneplanens arealdel. Gapahuken skal byggast på singelpute og det vert singla veg fram til gapahuken frå Heid tursti.

Søknaden vart sendt på høyring med brev datert den 10.07.2013. Ein har no moteke uttale frå alle tilskrivne høyringspartar og saka er med det klar for politisk sluttbehandling.

Uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor av 19.07.2013:

Konkluderer med at tiltaket ikkje krev noko form for handsaming etter jordlova – elles ingen merknad til tiltaket.

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 02.08.2013:

Ingen vesentlege merknader til tiltaket, men påpeikar at ein bør stille krav i vedtaket som sikrar ei naturvenleg tilrettelegging kring tiltaket.

Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune av 15.08.2013:

Ingen merknader.

Vurdering og konklusjon:

Det omsøkte tiltaket ligg innanfor eit område som er avsett til LNF-område i kommuneplanens arealdel. Tiltaket vil vere eit supplement til den allereie opparbeidde Heid tursti. Berge og Flusund grendalag har teke på seg å «drifte» gapahuken og som dei sjølv skriv i søknad vil dette innebere å halde området reint og ryddig, samt stelle til området – også føre det tilbake til slik det var før bygging, om gapahuken vert riven/fjerna.

Rådmannen rår til at det vert gjeve dispensasjon til oppføring av gapahuk som omsøkt og slik tilrådinga ligg føre.

Konsekvensar for folkehelse:

Tiltaket vil bidra positivt i eit folkehelseperspektiv.

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Fosnavåg, 26.08.2013


Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer



Fra: **Frank Edvard Vike** frank.vike@gmail.com
Emne: Søknad om Gapahuk i forbindelse med Heid tursti
Dato: 25. juni 2013 20:53
Til: Ragnar Reite ragrei@hotmail.com

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2013/818	Saksbeh. EFA
26 JUNI 2013	
Ark.kode P 28/	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 1
Kassasjon	

Navn på søker: Berge og Flusund Grendalag
Orgnr: [996997863](#)

Adresse: co/ Ragnar Reite
Postnr: 6091
Poststed: Fosnavåg
Kommune: Herøy
Kontaktperson: Ragnar Reite
E-post: ragrei@hotmail.com

Beskrivelse av søkerorganisasjon: Berge og Flusund Grendalag er ei velforening som arbeider aktivt for å utvikle vår krins til en stadig mer attraktiv, trygg og god krins for store og små beboere. Vi arbeider for å fremme sosiale tiltak og skape møteplasser i krinsen vår.

Antall medlemmer (voksne): 500
Antall medlemmer (barn): 100

Type organisasjon: Velforening/lag
Type formål: Bygg/Anlegg/Nærmiljø

Søknadstittel: Søknad om Gapahuk i forbindelse med Heid tursti

Søknadsbeskrivelse: Grendalaget vil med dette søke om å få satt opp gapahuk ved Heid Tursti i henhold til avtale med grunneiger Ottar Lars Hjorthaug.

Vedlegg:
Kart som viser plassering av gapahuk
Signert avtale mellom grunneiger og grendalag.

Sendt fra min iPad

Ottar Lars Hjorthaug
Reite
6091 Fosnavåg

AVTALE

Berge og Flusund Grendalag har planar å setje opp ein gapahuk i overkant for Skaret ved stien til fremste Heida, der denne kjem ut frå Trimstien mot Tverrfjellet.

Arealet er omlag 40m². Stien fram til gapahuken vert singla, likeeins sjølve tomta.

Grendalaget skal bygge gapahuken, og har ansvaret for at området vert halde reint og ryddig.

I grunnavtalen for turstien med Herøy kommune gjeld denne for 15 år, ut 2025. Denne avtalen kan gjelde for same tidsrom. Vert avtalen med kommunen for stien forlenga, kan denne avtalen forlengast tilsvarand.

Om grendalaget finn å ville avslutte «drifta» av gapahuken, skal området ryddast og ordnast til av grendalaget.


Ottar Lars Hjorthaug


Berge og Flusund Grendalag
Ragnar Reite, Formann

Reite 25/06-2013



«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POST «POSTSTED»
»

- FM i mv.
- MR. fylleske.
- S.S.L.

Saksnr 2013/878	Arkiv 28/	Dykkar ref «REF»	Avd /sakshandsamar UTV / EFLÅ	Dato 10.07.2013
--------------------	--------------	---------------------	----------------------------------	--------------------

Berge og Flusund Grendalag - 28/2 – Gapahuk

Planstatus:

Det vert søkt dispensasjon frå kommuneplanens arealdel - mindre byggetiltak i LNF-område.

Kva føremål vert søkt dispensasjon til:

Oppføring av gapahuk , storleik 40m2.

Gards- og bruksnummer:

Gnr 28 Bnr 2

Skildring av omsøkte tiltak (volum, utforming, situasjonsskisser):

Gapahuken vert på 40m2. Grunnarbeid før oppføring inneber singelpute, samt singla veg frå den opparbeidde turstien i området.

Andre opplysingar om saka:

Det er i området allereie handsama dispensasjon frå kommuneplanens arealdel med tanke på opparbeiding av tursti Heid. (F-sak 270/10, datert 30.09.2010)
Denne gapahuken vert plassert i same område og i tilknytning til Heid tursti. Det er Berge og Flusund grendalag som skal byggje den, «drifte» den og om dei vel å avslutte «drifta» vil grendalaget rydde området og ordne det til att.

Grunneigar, Ottar Lars Hjorthaug, har samtykka i tiltaket gjennom ein skriftleg avtale, datert 25.06.2013.






Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Landbrukskontor for kommunane Herøy - Ulstein - Hareid

Herøy kommune
Utviklingsavdelingen
Postboks 274

6099 FOSNAVÅG

Dykkar ref:
2013/878 UTV/EFLÅ

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2013/878	Saksbeh. EFLÅ
22 JULI 2013	
Ark kode P 28/2	
Ark kode S	
J.nr.	Dok.nr. 3
Kassasjon	

Vår ref:
AKL

Telefon: 70 08 46 70
Adresse: 6080 Gurskøy
E-post: kontor@landbrukskontoret.no
Heimeside: www.landbrukskontoret.no

Dato:
19.07.2013

Uttale søknad frå Berge og Flusund grendalag om oppføring av gapahuk på gnr 28 bnr 2 i Herøy kommune.

Søknaden er vurdert i forhold til Jordlova § 9 som omhandlar omdisponering av dyrka og dyrkbar jord. Tiltaket krev ikkje handsaming etter jordlova.

Tiltaket fell ikkje inn under landbruksomgrepet i Plan og bygningslova då det ikkje er knytt til stadbunden næring.

Vurdering og konklusjon:

Ut ifrå landbruksinteressene har vi ingen merknad til søknaden.

Med helsing


Anne Kathrine Løberg

Landbrukssjef



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
Overingeniør Astrid Buset, 71 25 85 41

Vår dato
02.08.2013
Dykkar dato
10.07.2013

Vår ref.
2013/4866/ASBU/421.3
Dykkar ref.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

(E)

Utr.

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2013/878	Saksbeh. EFLA
- 6 AUG. 2013	
Ark kode P 28/2	
Ark kode S	
J. nr.	Dok. nr. 4
Kassasjon	

Herøy kommune. Gapahuk på gnr28 bnr2 - Berge og Flusund grendalag. Fråsegn til dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen vesentlege merknader til tiltaket. Kommunen bør stille vilkår i vedtaket som sikrar ei naturvenleg tilrettelegging av turstien bort til og området rundt gapahuken.

Med helsing

Lars Kringstad (e.f.)
fung. samordnar


Astrid Buset
overingeniør

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg.nr. 2013/878	Saksbeh. EFLÅ
16 AUG. 2013	
Ark.kode P 28/2	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr. 5
Kassasjon	



Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2013/878	10.07.2013	48459/2013/DISPENSASJON/1515	Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94	15.08.2013

Herøy kommune - oppføring av gapahuk gbnr 28/2 - fråsegn ved dispensasjon frå kommuneplan

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.


Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Heidi-Iren Wedlog Olsen
ass. fylkesplansjef


Kristian Hole Fløtre
rådgivar

Kopi:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



led:
 Ragnar.
 Grendalag.

Mål: 1-50





LOKALISERING
AV TILTAK

 **HERØY KOMMUNE**
10.07.2013 1:5000
Det kan forekomme feil i kartet


0 50 100 150 200 m



Hornseten

Nørvåg

Tverrfjellet



 **HERØY KOMMUNE**
10.07.2013 1:5000
Det kan forekomme feil i kartet






 HERØY KOMMUNE

24.06.2013 1:1000

Det kan forekomme feil i kartet





Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	EFLÅ	Arkivsaknr:	2012/1452
		Arkiv:	86/22

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
95/13	Maritim og teknisk komite	24.09.2013

KLAGE PÅ DS-SAK 73/13 - THOR KLEPPE OG THERESE ALMÅS - 86/22

Tilråding:

Maritim og teknisk vel delvis å imøtekomme klagen og vedtek at det vert gitt løyve til ei tilpassa parkeringsløyving på eigedomen 86/22 på vilkår:

Parkeringsløyvinga skal vere min 2 m frå vegkanten, inn/utkøyringsbreidde skal vere avgrensa og det må vere mogleg å køyre inn for så å snu på eigen grunn og køyre ut på vegen igjen. Tiltaket skal vere utforma som vist på prinsippskisse datert 06.09.2013 og tiltaket kan vere underbygd med bod. Tiltaket må omsøkjast etter reglane i pbl §20-1.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Therese Almås og Thor Kleppe, Jøsokstrand, 6080 Gurskøy
Herøy Kommune, anlegg-og driftsavn, her

Vedlegg:

- 1 01 Vedtak 73/13 - 15.03.13
- 2 02 Notat frå AD - 05.02.13
- 3 03 Klage frå Kleppe - 10.04.13
- 4 04 Svar på klage - 17.04.13
- 5 05 Oppsummering ny synf. - 05.07.13
- 6 06 Bilde frå synfaring
- 7 07 Brev frå Kleppe - 19.07.13
- 8 08 Situasjonsskart
- 9 09 Prinsippskisse

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

Kommunen treffe delegert vedtak i sak 73/13, den 15.03.2013 basert på søknad datert 07.06.2012. Søknaden omfatta tilbygg, veranda med bod under og ny avkøyrsløse/ parkeringsløyse mot kommunevegen med bod under. Vedtaket vart treft på bakgrunn av høyringsuttalelsar frå aktuelle høyringspartar.

Det var sendt høyringsbrev til Anlegg- og driftsavdelinga (AD) med omsyn til omsøkt parkeringsløyse mot kommuneveg og til Statens vegvesen då deler av søknaden kom innanfor byggegrensa på 50 meter mot fylkesveg.

Statens Vegvesen gav dispensasjon etter veglova §29 i brev datert 04.02.2013.

Anlegg og driftsavdelinga har gitt uttale til søknaden den 05.02.2013 på den delen av tiltaket som vedkjem avstand til kommuneveg. Dette omfattar ny parkeringsløyse, ny avkøyrsløse og etablering av byggverk nærmare kommuneveg enn 15 meter. Dei påpeiker at den omsøkte og skisserte parkeringsløyse vart vurdert til å vere uheldig og kunne ikkje akseptrast. Dei øvrige tiltaka på eigedomen hadde dei ingen merknader til.

Det delegerte vedtaket den 15.03.2013 sak 73/13 er påklaga av Almås/Kleppe, klagar har klagerett og klagen er rettidig innlevert.

Kommunen sin behandling:

